



Til medlemene i Arbeidsmiljøutvalet

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Arbeidsmiljøutvalet

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 13.11.2020

Tid: 09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 32/20	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
PS 33/20	Avvik som har kome inn	
PS 34/20	Orientering om sjukefråvær 3. kvartal 2020	
PS 35/20	Budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 - 2024	

Saker til handsaming

PS 32/20 Godkjenning av protokoll frå førre møte

PS 33/20 Avvik som har kome inn



Seljord kommune

Arkiv: 461
Saksnr.: 2020/207-8
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 09.11.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	34/20	13.11.2020
Administrasjonsutval		18.11.2020

Orientering om sjukefråvær 3. kvartal 2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Tredje kvartal er normalt eit kvartal med moderat sjukefråvær. Det omfattar mellom anna juli og august som normalt er månader der dei tilsette avviklar ferie.

Nasjonale retningslinjer knytt til koronapandemien har medført ein lågare terskel for å vere heime frå jobb, både på grunn av eigen helse og dersom barn er sjuke eller har symptom på forkjøling. Det er derfor grunn til å tru at dette vil bidra til eit høgare fråvær enn same kvartal i tidlegare år. Einingsleiarar registrerer det koronarelaterte fråværet med eigen kode. Det har ikkje kome tilbakemeldingar om at det er spesielt utfordrande med denne typen fråvær.

Langtidsfråvær på einingane vert fylgt godt opp av leiarane. Ein forsøker å finne fram til moglege tilretteleggingstiltak som kan bidra til at den tilsette kan vere noko i arbeid eller kome tilbake i arbeid. Det er eit mål at tilsette skal vere i aktivitet, stabilisere og gradvis auke denne fram mot full friskmelding. I tilfella der den tilsette ikkje har helse til å arbeide i heile stillinga si, er det viktig å få avklart graden av arbeidshelse.

Rådmannen si tilråding:

Utvalet tek orienteringa om sjukefråvær for 3. kvartal 2020 til vitande.

Utskrift til:



Seljord kommune

Arkiv: 145
Saksnr.: 2020/1151-9
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 28.10.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Velferdsutvalet	19/20	10.11.2020
Samfunnsutvalet	41/20	11.11.2020
Arbeidsmiljøutvalet	35/20	13.11.2020
Administrasjonsutval		18.11.2020
Formannskap/økonomiutval		26.11.2020
Eldreråd		01.12.2020
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		01.12.2020
Kommunestyret		10.12.2020

Budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 - 2024

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Gul bok 2021 - 2024 Felles (1)
- 2 Vedlegg 1 til Gul bok - oppdatert for gebyrsats 2021
- 3 Momentum Budsjettnotat - Seljord kommune 2021 (2020_10_26)
- 4 Tiltak som er lagt inn i rådmannen sitt budsjett framlegg.
- 5 Tiltak utafor ramma - ikkje lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg
- 6 Oversikt over søknadar og forslag til endring i avtalar m.m. som det ikkje er funne rom til i rådmannens budsjettframlegg.

Saksutgreiing:

Saksgangen i denne saka er som fylgjer: Kommunestyret fekk den 05.11.20 orientering om rådmannen sitt framlegg til budsjett, økonomiplan og handlingsdel for perioden 2021 - 2024. Dette saksframlegget; budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 – 2024, skal til handsaming i velferdsutvalet, samfunnsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og

administrasjonsutvalet som kjem med si uttale til formannskapet. Formannskapets innstilling til budsjettvedtak blir lagt ut til offentlig ettersyn. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldreråd får saka til uttale etter at formannskapet har gitt si innstilling, men før kommunestyret skal gjere endeleg vedtak den 10.12.2020.

Bakgrunn:

Rådmannen legg med dette fram forslag til økonomiplan og handlingsprogram 2021-2024. Rammene for dokumenta bygger på gjeldande økonomiplan (2020-2023) og framlegg til statsbudsjett for 2021 Prop. 1S (2020-2021).

For 2021 er det budsjettert med kr 24.274.000 i utgiftsutjamning og kr 71.857.000 i innbyggjartilskot, noko som er i samsvar med Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Det er budsjettert med at utgiftsutjamninga vil bli redusert med kr 2.330.000 fram til 2024, medan innbyggjartilskotet vil auke med kr 653.000 fram til 2024, noko som utgjer ein samla reduksjon på kr 1.677.000.

Til grunn for prognosen ligg at folketalet skal vere stabilt på 2.910 i heile økonomiplanperioden. Pr. 04.11.2020 er folketalet 2.906 og pr. 31.12.2019 var det 2.888. Når det gjeld fordelinga på aldersgruppene er det lagt til grunn den same relative fordelinga som i Telemarksforskning sitt mellomalternativ (jamfør «Utfordringsnotatet» i kommunestyresak 94/20, 17.09.2020). I dette alternativet er folketalet i 2024 nede i 2.803 (og 6-15 år er 312). Framskrivinga er då ei blanding av «optimisme» (stabilt folketal på 2.910) og «realisme» (færre unge og fleire godt vaksne).

Det er budsjettert med kr 1,2 mill. i skjønsmidlar i heile økonomiplanperioden (slik som i 2021). I 2020 fekk vi kr 1,5 mill. i skjønsmidlar. Det er lagt til grunn 0,5 % realvekst i framskrivingane. Det er budsjettert med om lag kr 18,5 mill. i pensjonskostnad kvart år i økonomiplanperioden.

Utbyte frå aksjeselskap der kommunen eig aksjar er budsjettert med kr 3.325.000 i årleg utbyte frå Vest-Telemark kraftlag (VTK), dvs. eit samla utbyte til eigarkommunane på kr 17,5 mill. (Seljord kommune eig 19 % av VTK). Sal av konsesjonskraft er budsjettert for perioden 2020-2023 etter estimat frå leiar i konsesjonskraftstyret i Telemark i e-post 02.09.2020. I økonomiplanen er gjennomsnittet av estimatet for desse tre åra, kr 3.705.000, lagt flatt inn for alle tre åra, pluss like eins for 2024.

Seljord kommune har i dag eigedomsskatt på kraftverk («enerigianlegg» og noko næring (overgangsordningar frå tidlegare «verk og bruk»). Seljord kommune har hatt eigedomsskatt på «verk og bruk» sidan 1976. Inntektene for eigedomsskatt gir omlag kr 7,75 mill. Eigedomsskattelista frå Skatteetaten for kraftanlegg for 2021 er enno ikkje komen, så her kan det bli endringar.

Rådmannen gjer framlegg om å innføre eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Seljord kommune frå og med 2022, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2022, 2 promille i 2023 og 3 promille i 2024, og 7 promille for næringseigedomar i heile perioden. Inntektene frå den nye eigedomsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag. Det er lagt inn kr 3 mill. (kvalifisert overslag/erfaringstal frå andre kommunar) i 2021 til konsulentar, taksatorar, programvare, utstyr, informasjonsmateriell og møtegodtgjersle. Det er lagt til grunn at alle eigedomane skal takserast, dvs. at det ikkje skal brukast formuesgrunnlag (likningsverdi) på bustadeigedomane.

I økonomiplanen legg ein til grunn 100% sjølvkostdekning på drift, renter og avskrivning gjennom sjølvkostregimet. Frå 2020 til 2021 gir rådmannen sitt gebyrforslag ei samla gebyrauke på omlag 14,7 %. Den største årsaka til høgdinga er at ein hentar inn alt framførbart underskot i 2021. Dette

gir ein god gevinst på botnlinja. Framførbart underskot er inntekter som kommunen skulle ha henta inn gjennom gebyr tidlegare år (2020 og før), jamfør sjølvkostprinsippet. Det er vanleg å fordele dette over 5 år, slik at gebyrhøgdinga ikkje blir for stort frå år til år, men grunna den økonomiske situasjonen og utfordringane med å få budsjett 2021 i hamn, er det rådmannen innstilling å hente inn dette i løpet av eit år. Slamtøming aukar mest med 47,3 %. Renovasjon reduserast mest med 2,3 %. I perioden 2019 til 2024 aukar samla gebyr med kr 3.869, frå kr 21.342 i 2019 til kr 25.211 i 2024. Dette svarar til ein gjennomsnittleg årlig gebyrauke på 2,8 %.

Driftsbudsjettet er i 2021 saldert med bruk av disposisjonsfond på kr 6.577.136 for å nå balanse. Utover i økonomiplanen blir økonomien betre når ein får inntekt frå eigedomsskatt, samt tiltak for å redusere driftskostnader, og då særskilt innom barnehage og grunnskule. Rådmannen rår til at ein frå hausten 2023 gjer ei endring i skulestrukturen og flytter mellomtrinnet på Flatdal skule over til Seljord barne- og ungdomsskule. Det gir ei innsparing på omlag kr 900.000 i 2023 og kr 2.150.000 i 2024. Ved å gjere dette grepet sikrar ein to skulekrinsar med eit oppvekstsenter med barnehage og småskule i Flatdal, og ein sentrums skule som har plass til det nye talet på elevar. Det å oppretthalde ein desentralisert skulestruktur har vore ein viktig politisk ambisjon, og rådmannen rår til at ein løyser utfordring som skissert over.

Rådmannen legg opp til få nye investeringar. Nye investeringstiltak er først og fremst innanfor vatn og avløp. Det er planlagt systematisk vedlikehald på leidningsnett med kr 3.000.000 årleg. Vidare er det framføring av nytt nett til Nordbygd industriområde som er re-budsjettert (kr 9.700.000), framføring av nytt nett til planlagt bustadområde på Sinnesodden (kr 7.000.000), samt oppgradering av Seljord reinseanlegg (kr 7.518.000). Ombygging av Heddeli er lagt inn i 2021 med 10.000.000. Tiltaket blei som kjent utsett grunna behov for isolat. Trafikktryggleikstiltak er lagt inn i heile økonomiplanperioden med kr 1.000.000 kvart år. Av mindre investeringar er det lagt inn kjøp av elektronisk minihjullastar (kr 562.500), oppgradering av sløydsal på skulen (kr 250.000), kjøp av Flatin deponi (kr 200.000), bygging av vognskur i Heddeli barnehage (kr 187.500), samt leikeapparat Seljord skule (kr 187.500). Den aller største investeringa kjem i 2024. Det er sett av kr 37.500.000 til oppgradering/nybygg av skulebygg. Alle summane er inkl. 25 % mva., med unntak av vatn og avløp (VA) som er ekskl. mva. og kjøp av deponi som er utan mva.

Budsjett for kontroll og tilsyn går fram av eiga sak til kommunestyret. Rådmannen har innarbeida budsjetttramma i framlegget sitt.

Vurdering:

Rådmannen legg fram eit budsjettopplegg der det er teke høgde for alle kjente inntekter, inkludert eigedomsskatt på næringseigedom, bustadhus og hytter frå 2022. På utgiftsida er det justert for politiske vedtak som har anten driftskonsekvensar for budsjettåret 2021 eller varige driftskostnader, som til dømes oppretting av ein leiande reinhaldstilling/reinhaldsavdeling. På ansvar 530 «kommunal veg» er driftsbudsjettet høgda med kr 1.000.000. Dette med bakgrunn i at det dei siste 5 åra har vore eit årleg meirforbruk i storleik kr 800.000 – kr 1.350.000 som ein ikkje har kunne dekkja innfor ramma.

Kommuneøkonomien er stram, ein ser at det blir vanskeleg for programområda å justere kurs og styre etter tildelt ramme. Det rådmannen er særskilt uroa over er alle dei tiltak og behov som er skissert frå einingane og som ligg som tiltak utanfor ramma, dvs. ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg. Dette er viktige tiltak og behov som kommunen ikkje har midlar til å finansiere, og som vil påverke leveransen av tenester til innbyggjarane i Seljord kommune i tida framover. Samstundes fører det faktum at ein ikkje kan møte behovet for tilpassing av tenestenivå, ei auka fare for slitasje og høgt arbeidspress på dei tilsette. Gul bok med vedlegg gir ein utfyllande omtale

av kva som er budsjettert ,og kva som det ikkje er funne rom for i rådmannens framlegg til budsjett.

Samstundes med tiltak og behov det ikkje er midlar til, er det kome inn søknader om tilskot og forslag til varige driftsavtalar frå frivillige lag og organisasjonar og samarbeidspartar kommunen leiger lokale av. Rådmannen har ikkje funne inndekning for å imøtekomme søknadane, eller ynskja om nye driftsavtalar. Det leggst opp til at kvar søknad blir handsama i eigne saker når formannskap og kommunestyre skal ha budsjettsaka til handsaming.

Ei anna utfordring er kommunens arbeid med den pågåande pandemien. Regjeringa varsla 29.10.2020 at dei vil kome forslag om å løyve kr 7,3 milliardar kroner meir til kommunesektoren i eit tilleggsnummer til statsbudsjettet, som vil bli lagt frem for Stortinget fredag 6. november. Av dette går 5,9 milliardar kroner til kommunane, der 4,4 milliardar gis som auka innbyggartilskott, og kr 1,5 milliardar kroner fordelast som skjønsmidlar.

Midlane over statsbudsjettet skal dekkje meirutgifter og mindreinntekter kommunane har knytt til koronapandemien for første halvår i 2021. For Seljord kommune utgjer midlane over rammetilskotet ei auke på 2.376.000 (kr . Rådmannen har allereie i budsjettframlegget tatt høgde for at kommunen vil få midlar over statsbudsjettet slik regjeringa har varsla tidligare. Det er budsjettert med inntekter frå staten på fleire område, det gjeld særskilt utstyr til smittevernsmateriell og midlar for å dekkje ekstra personell på helsesenteret, jamfør vedtak i sak 85/20 - Auke av ressursar til legetenesta til TISK strategien. Kostnaden for auke i personell på helsesenteret ut juni 2021 utgjer kr 992.250 og utstyr til smittevernsmateriell har ein kostnad på kr 394.180. Berre denne summen utgjer kr 1.386.430 og er innarbeida i rådmannens framlegg til budsjett. Rådmannen legg difor til grunn at resterande sum, om lag kr 990.000 førast på ansvar 150 - Tilleggsøyvingar til bruk for meirutgifter som kommunen vil få i samband med korona og som ennå ikkje er kjent.

Etter at rådmannen la fram sitt framlegg til budsjett og økonomiplan har det vore møte i representantskapet i Vest-Telemark PPT IKS. Der blei budsjett og økonomiplan for 2021-2024 vedteke med ei auke for alle deltakande kommunar. For Seljord kommune sin del er auka på kr 228.000 årleg i økonomiplanperioden. Rådmannen rår til å høgde skatt/inntektsutjamning med kr 228.000 for å finne inndekning for den auka som representantskapet i Vest –Telemark PPT IKS har vedteke.

Kommunestyret fekk i møte den 17.09.20 sak 94/20 presentert eit utfordringsnotat laga blant anna på grunnlag av ei «behovsanalyse» fram til 2040 utarbeidd av Telemarkforskning, som syner at Seljord kommune vil få store utfordringar med å tilpasse tenestetilbodet sitt færre yngre og markant fleire eldre, gitt at framskrivningsscenarioa slår til. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg peika på alternativ til å betre situasjonen, men vil likevel understreke at ansvaret for den langsiktige økonomiforvaltninga til kommunen, slik at ein legg til rette for finansiering av ein stabil og føreseieleg tenesteproduksjon på lang sikt, ligg hjå kommunestyret, jf. §14 -1 i kommunelova.

Rådmannen legg til grunn at utvala kjem med uttale som følgjer saka til formannskapet. Rådmannen si tilråding gjeld formannskapet som formelt skal fatte vedtak i budsjettsaka.

Rådmannen si tilråding til formannskapet:

1. Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2021 og økonomiplan/handlingsprogram 2021-2024 (Gul Bok) slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen.
Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentlig ettersyn i 14 dagar.
2. Det kommunale skatteøynet vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2021 i Seljord kommune:
 - A. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglande for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
 - B. For eigedomsskatteåret 2021 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom.
 - C. For eigedomsskatteåret 2021 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
 - D. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
 - E. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «*Bevillingsoversyn investering*» og «*Investeringar i varige driftsmidlar*». Sum investeringsutgifter i 2021 er kr 36.651.500. Opptak av lån i 2021 er kr 31.326.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «*Bevilgningsoversyn drift, del A og B*». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2021 kr 211.653.050, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar slik det går fram av «*Bevilgningsoversyn drift del B*».
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2021».

Utskrift til:

Kommuneplan – Handlingsdel

Med handlingsprogram, budsjett

og

økonomiplan med kommentarer 2021 – 2024

Gul bok

*Rådmannen sitt framlegg
til orientering i*

kommunestyret 05.11.2020

og

*handsaming i formannskapet
26.11.2020*

Innhold

Innleiing	3
Rådmannen si vurdering og langsiktig tilråding	4
Meirutgifter og mindreinntekter – kommunens arbeid med Korona	5
Budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024	5
Hovudutfordringar framover:	6
Eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft	6
Befolkningsutvikling i Seljord	6
Handlingsprogram til samfunnsdelen av kommuneplan 2021 - 2024.....	11
Hovudtema 1, Seljord i vekst	12
Hovudtema 2, Det gode livsløp i Seljord	20
Hovudtema 3 , Berekraftige Seljord.....	30
Bevilgningsoversyn drift A	39
Bevilgningsoversyn drift B	40
Økonomisk oversyn drift.....	41
Bevilgningsoversikt investeringar	42
Investeringar i varige driftsmidlar	43
Kommentarar til budsjett 2021 og økonomiplanperioden 2022-2024.	45
Disposisjonsfond	46
Statleg rammetilskot – Utgiftsutjamning og innbyggjartilskot	47
Kraftinntekter	49
Utbyte frå aksjeselskap.....	49
Eigedomsskatt	50
Brutto lånegjeld	53
Finanskostnader.....	54
Pensjon	55
Investeringar.....	56
Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter	59
Programområde 2 Skule og oppvekst. 116,44 årsverk 2021.....	62
Programområde 3 Helse og omsorg	71
Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift	80

Innleiing

Dette dokumentet kalla "Gul bok" er satt saman av handlingsprogrammet for 2021-2024, forslag til budsjett for 2021 og økonomiplan fram til 2024. Det er kommunestyre som vedtek budsjett og økonomiplan 10. desember 2020. Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i kommuneplanen sine målsettingar og den økonomiske politikken legg føringar for kva som kan realiserast innafor 4 års perioden.

Del 1 av Gul Bok er handlingsprogram, del 2 er budsjett og økonomiplan med kommentarar.

Handlingsdelen er heimla i Plan- og bygningslova jf. § 11, om kommuneplan. Handlingsdel til samfunnsdelen av kommuneplanen vert omtala som "konklusjonen på korleis kommuneplanen skal fylgjast opp". I planen skal det vera fokus på utfordringar og tilrådde planar som skal utarbeidast, samt prosjekt og einskildsaker, dei neste 4 åra.

Plan- og bygningslova § 11 – Kommuneplan: "Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande år eller meir, og reviderast årleg. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen". Handlingsdelen skal innehalde eit program for å gjennomføre kommuneplanens samfunnsdel for dei fire neste budsjettåra. Kommunen sin økonomiplan skal inngå i handlingsdelen. Planlagde tiltak og økonomiske prioriteringar vert knytte saman.

Pbl §11-3: "Kommuneplanens handlingsdel gjev grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer." Betre handlings- /detaljplanleggingsgrunnlag for politikarar, administrasjon og innbyggjarane i kommunen. Betre økonomisk styring. Betre samhandling mellom administrasjonen og den politiske leiinga. I det kommunale plansystemet er "Handlingsdel med økonomiplan" ein viktig "motor" for sortering og prioritering av tiltak framsette i delplanane. Tiltaka som vert prioriterte i planen skal medverke til at måla i kommuneplanen vert nådde.

Budsjett og økonomiplan byggjer på det som i budsjettverktøyet Arena vert kalla *konsekvensjustert budsjett*. Konsekvensjustert budsjett vert sett opp på bakgrunn av justert budsjett frå året før (2020), med lønsjustering og prisvekst, dvs. at det er lagt inn tal for reelle driftskostnader og løn til dei årsverka som avdelingane disponerer. Hovudpoenget med konsekvensjustert budsjett er å budsjetterte kva det vil koste å drive Seljord kommune i 2021 slik som tenestetilbodet er i dag med dei inntektene ein kan vente å få i 2021. I tillegg består konsekvensjustert budsjett av vidareføring av polititiske vedtak, og konsekvensar av andre interne justeringar. Tiltak som avvik frå grunnlaget i konsekvensjustert budsjett er omtalt i kommentardelen til kvart programområde. I tillegg til konsekvensjustert er det innan kvar programområde satt opp fleire tiltak, som syner korleis ein har tenkt å redusere/kutte innafor kvart programområde.

Rådmannen si vurdering og langsiktig tilråding

Seljord kommune står ovanfor fleire viktige omstillingar i åra framover. Vi skal tilpasse oss ei endring i demografien, der det blir fødd færre born som igjen gir færre barnehageungar og skuleungar. Samtidig så ser ein i slutten av økonomiplanen starten på den varsla eldrebølga som vil føre med seg at fleire innbyggjarar ein i dag vil ha behov for tenester frå kommunen. Parallelt med denne endringa må kommunen ta klimaendringane som førar med seg meir nedbør, fleire flaumar, og meir risiko for skred på alvor. Korleis kommunen skal satse på grøn omstilling og ta vare på miljøet vil og påverke kommuneøkonomien framover.

Distriktskommunar som Seljord skal sjølvstendig få vere optimistiske på eigen befolkningsutvikling, men det er viktig å ha ein “realistiskoptimistisk” tilnærming til utviklinga. Det å tru på ein stor auke i tal på innvandrarar, ein vanvitig fødselsboom eller for den saks skuld ei radikal og brå endring i innanlandsflyttinga vil vere, etter rådmannens vurdering, å ha ein urealistisk tilnærming. No blir det viktigare ein nokon gong å taka vare på dei innbyggjarane me allereie har, og leggje til rette for at fleire kan flytte hit.

Stadig fleire statlege reformer, normer og pålegg gjer det utfordrande for distriktskommunar som Seljord å oppretthalde dei gode tenestane på det nivået vi ligg på i dag. Barnevernsreform, lærarnorm og barnehagenorm fratar kommunen moglegheita til å ha reelt sjølvstyre, då ein opplev at staten ikkje tilstrekkelig finansiere det kvar og ein einskild kommune må ha for å møte dei nye krava. Når ein skal redusere og strukturere tenestene er det ikkje mogleg å gjere dette i takt med det staten i makro gir Seljord kommune av finansielle rammer.

Rådmannen legg fram eit budsjettopplegg der det er tatt høgde for alle kjente inntekter, inkludert eigedomsskatt på næringseigedom, bustadhus og hytter. På utgiftsida er det justert for politiske vedtak som har anten driftskonsekvensar for budsjettåret 2021 eller varige driftskostnader, som til dømes oppretting av ein leiande reinhaldstilling.

Kommuneøkonomien er stram, ein ser at det blir vanskeleg for programområda å justere kurs og styre etter tildelt ramme. For budsjettåret 2021 må ein saldere med bruk av disposisjonsfond for å gje særskilt programområde 2 og 3 “riktig” ramme. “Ostehøvelen” har vore i bruk over fleire år, og det er no ikkje råd å nytte dette verktøyet for å saldere utgiftene.

Det rådmannen er særskilt uroa over er alle dei tiltak og behov som er skissert frå einingane og som ligg som tiltak utanfor ramma. Dette er naudsynte tiltak og behov som kommunen ikkje har midlar til å finansiere, og som vil påverke vår leveranse av tenester til innbyggjarane i Seljord kommune i tida framover. Samstundes fører det faktum at ein ikkje kan møte behovet for tilpassing av tenestenivå, ei auka fare for slitasje og høgt arbeidspress på dei tilsette.

Kommunestyret fekk i møte den 17.09.20 sak 94/20 presentert eit utfordringsnotat utarbeida av Telemarkforskning som visar at Seljord kommune vil få store økonomiske utfordringar, gitt at framskrivningsscenarioa slår til, med å levere dei gode tenestene i vår desentraliserte struktur i åra framover. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg peika på alternativ til å betre situasjonen,

men vil likevel understreke at ansvaret for den langsiktige økonomiforvaltninga til kommunen, slik at ein legg til rette for finansiering av ein stabil og føreseieleg tenesteproduksjon på lang sikt, ligg hjå kommunestyret, jf. §14-1 i kommunelova.

Meirutgifter og mindreinntekter – kommunens arbeid med Korona

Regjeringa varsla 29.10 at dei vil kome forslag om å bevilge 7,3 milliardar kroner meir til kommunesektoren i eit tilleggsnummer til statsbudsjettet, som vil bli lagt frem for Stortinget fredag 6. november. Av dette går 5,9 milliardar kroner til kommunane, der 4,4 milliarder gis som økt innbyggartilskott, og 1,5 milliarder kroner fordelast som skjønnsmidler. I tillegg er det forslag om å gje kommunane 321 millionar kroner over rammetilskottet til stillingar knytt til kontroll med etterlevelse av reglane for arrangement, serveringsstader og arbeidstakarar mv.

Bevilgningsforslaga er basert på arbeidsgruppas utrekningar, og skal dekkje meirutgifter og mindreinntekter knytt til koronapandemien for første halvår i 2021.

For Seljord kommune utgjer midlane over rammetilskottet (4.4 mill) ei auke på 2.376.000,-. Rådmannen har allereie i budsjettframlegget tatt høgde for at kommunen vil få midlar over statsbudsjettet slik regjeringa har varsla tidligare. Det er budsjettert med inntekter frå staten på fleire område, det gjeld særskilt utstyr til smittevernsmateriell og midlar for å dekkje ekstra personell på helsesenteret j.f vedtak i sak 85/20 - Auke av ressursar til legetenesta til TISK strategien.

Kostnaden for auke i personell på helsesenteret ut juni 2021 utgjer kr. 992.250,- og utstyr til smittevernsmateriell har ein kostnad på kr. 394.180,-. Berre denne summen utgjer kr 1.386.430,- og er innarbeida i rådmannens framlegg til budsjett. Rådmannen legg difor til grunn at resterande sum ca. kr 990.000,- førast på ansvar 150 - Tilleggsføringar til bruk for meirutgifter som kommunen vil få i samband med korona og som ennå ikkje er kjent.

Budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024

I det store og heile er rådmannen budsjettframlegg for 2021 justert for ny inntektsramme j.f. statsbudsjettet, politiske vedtak, og «uavvendelige» konsekvensar for drifta.

Driftsbudsjettet er i 2021 saldert med bruk av disposisjonsfond på kr 6 577 136 for å nå balanse. Utover i økonomiplanen blir økonomien betre når ein får inntekt frå eigedomsskatt, samt tiltak for å redusere driftskostnader, og då særskilt på skulesida.

Rådmannen rår til at frå hausten 2023 gjer ei endring i skulestrukturen og flytter mellomtrinnet på Flatdal skule ned til sentrum. Det gir ei innsparing på omlag 900.000 i 2023 og 2 150 000 i 2024. Ved å gjere dette grepen sikrar ein to skulekrinsar med eit oppvekstsenter med barnehage og småskule i Flatdal og ein sentrums skule som har plass til det nye talet på elevar. Det å oppretthalde ein desentralisert skulestruktur har vore ein viktig politisk ambisjon, og rådmannen rår til at ein løyser utfordring som skissert over.

Vedlagt gul bok er det oversyn over tiltak og behov som det ikkje er finne dekning for i budsjett og økonomiplanen.

Hovudutfordringar framover:

- Tiltak og behov som ikkje blir dekt - jamfør vedlegg
- Auka gebyrsatsar kombinert med innføring av eigedomsskatt
- Vedlikehaldsetterslep på kommunal veg, eigedom og anna infrastruktur
- Tilpassing av tenestenivå der inntekter faller bort raskare ein behovet eller vår kapasitet til å tilpasse teneste tilbodet.
- Behov for store investeringar på skulebygg og sjukeheim/omsorgsbustader.
- Behov for store vedlikehalds og investeringar innafor vatn og avløp.
- Usikkerheit kring mottak av flyktningar - små forhold.
- Koronapandemi - meirutgifter og usikkerheita det gir til ein kommune som ikkje har att «sparepengar» på bok.

Eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft

Seljord kommune har i dag eigedomsskatt på kraftverk og noko næring som inngår i same definisjonen som lovkravet for kraftverk. Dette har vi hatt i fleire ti-år. Inntektene for eigedomsskatt gir omlag 7,75 mill. kr. Legg ein til sal av konsesjonskraft gjev dette kommunen omlag 11,5 mill. kr totalt årlege inntekter.


Rådmannen legg til grunn at innføring av alminneleg eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova § 3. a) frå og med budsjettåret 2022. Prognosane vi har lagt til grunn for innføring av eigedomsskatt er følgande:

	2021	2022	2023	2024	Øk.plan perioden
Sum	-3 000 000 kr	5 500 000 kr	8 500 000 kr	11 500 000 kr	22 500 000 kr

Rådmannen har brukt eigedomsskatt som ein del av salderinga for å få budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2024 i hamn. Takstgrunnlaget for bustadeigedomar (om lag 1.500 eigedomar) og fritidsbustader, våningshus, næringseigedomar og tomter) som utgjer om lag 2.000 eigedomar, må takserast av skattetakstnemnda (med innleigde taksatorar). Det vert sett av kr 3 mill. (rund sum) i 2021 til dette arbeidet.


Befolkningsutvikling i Seljord

Seljord kommune har hatt negativ folketalsvekst dei siste åra, men ein kan sjå ein tendens til positiv utvikling i 2020.




I figuren over til venstre ser ein utviklinga i folketallet i Seljord i absolutte tal sidan 2000. I figuren over til høgre ser ein befolkningsveksten dekomponert i fødselsoverskot, netto innanlands flytting og netto innvandring.

Det som er med på å påverke utvikling i Seljord kan ein sjå i figuren under. Figuren visar ei analyse av kvifor fødselsbalansen i Seljord avvikar frå landet. Det er fire drivkrefter som kan forklare dette, forventa tal på fødde er eit resultat av kor mange kvinner det er i fødedyktig alder i befolkninga i Seljord. Forventa tal på døyde er knytt til tal på eldre i befolkninga. Forventa fødselsbalanse relativt til landet vil då vere summen av venta tal på fødde og tal på døyde.




Arbeidsplassutvikling og næringsattraktivitet:

I tidsrommet 2000 til 2019 har det arbeidsplassutviklinga i Seljord vore relativ stabil, men perioden frå 2006 -2014 syner at kommunen hadde stor vekst i det private næringslivet. I åra etter 2014 har arbeidsplassutviklinga vore negativ, med botnnotering i 2018.



Figuren over til venstre viser arbeidsplassutviklinga og figuren over til høgre viser korleis dei ulike drivkreftene har bidrege til arbeidsplassvekst i næringslivet i Seljord kommune over tid. Befolkningsutvikling og attraktivitet spelar klart inn og legg premiss for korleis utviklinga har vore.

Bustadattraktivitet:



Nettoflytting i Seljord visar at det er fleire i aldersgruppa 18-30 år som flyttar ut ein det er som flyttar inn. Figuren er inkludert innvandring i perioden 2000 -2019.


Det er tre drivkrefter som påverkar flytting til eit sted.

1. Nasjonale strøymingar

Når det er høg innvandring til Noreg vil dei fleste stader få sin del av innvandringa

2. Sentrale strøymingar

Flyttemønsteret i Noreg går frå små stader til meir folkerike stader. Effekten heng også saman med korleis arbeidsmarknads-integrasjonen er i regionen. God integrasjon (gode moglegheiter for arbeid i nærleiken) får betre nettoinnflytting enn regionar med lav integrasjon.



3. Arbeidsplassutvikling


Er det auke eller nedgang i arbeidsplassar i nærleiken vil påverke kor attraktivt det er å bu på staden. Figuren over til høgre viser at Seljord har hatt positiv bustadattraktivitet i perioden frå 2013 og fram til i dag.

Konklusjon:

Dei harde fakta er at etter utviklinga i talet på arbeidsplassar frå 2010 til 2019, som syner ein nedgang på 174 (10,8 %), er Seljord kommune rangert som nr. 377 av 422 kommunar på næringsattraktivitet (eller nr. 89 av 100). Etter utviklinga i talet på innbyggjarar frå 2010 til 2019, som syner ein nedgang på 47 (1,6 %), er Seljord kommune rangert som nr. 237 av 422 kommunar på bustadsattraktivitet (eller nr. 56 av 100). Etter utviklinga i talet på innbyggjarar og talet på arbeidsplassar frå 2010 til 2019 er Seljord kommune rangert som nr. 385 av 422 kommunar (eller nr. 91 av 100).

Scenario for Seljord

Telemarkforskning har laga scenario for korleis folketalsutviklinga til Seljord vil vere fram mot 2040 basert på fleire alternativ. SSB sitt alternativ viser ei utflating av folketalet, medan Telemarkforskning sine alternativ er meir pessimistiske.




Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2021 – 2024

Personer i ulike aldersgrupper 2020 og 2040. Prosentvis endring 2020-2040. Seljord kommune.
Kilde: TFs framskrivingsalternativer

	2020	2040			%endring 2020-2040		
		L	M	H	L	M	H
0-5 år	140	120	138	162	-14,3	-1,4	15,7
6-15 år	362	204	228	257	-43,6	-37,0	-29,0
16-66 år	1 768	1 264	1 392	1 594	-28,5	-21,3	-9,8
67-79 år	456	403	416	437	-11,6	-8,8	-4,2
80-89 år	133	259	264	267	94,7	98,5	100,8
90 år og eldre	29	68	68	69	134,5	134,5	137,9
Sum	2 888	2 318	2 506	2 786	-19,7	-13,2	-3,5
0-66 år	2 270	1 588	1 758	2 013	-30,0	-22,6	-11,3
67 år og eldre	618	730	748	773	18,1	21,0	25,1

Ser ein på korleis endringa vil bli i dei ulike aldersgruppene, (tabell til venstre) så viser det heilt klart den demografiske endringa som vil krev store omstillingar i tida framover.



I figuren til venstre ser ein korleis framtidige demografiskostnader fordela på dei ulike tenesteområda kan sjå ut. Figuren syner klart at ein må redusere kostnader til grunnskule og auke kostnader til tenesteområdet pleie og omsorg.


Beregnet utgiftsbehov på ulike sentrale tenesteområder 2020-2040. Framskrivingsalternativ M. Seljord kommune. Faste mill. 2020-kr. Kilde: TBU/beregninger ved TF

Beregnete demografikostnader 2021-2040 knyttet til den demografiske utviklingen. Aldersgrupper. Seljord kommune. Akkumulert. Faste mill. 2020-kr. Kilde: TBU/beregninger ved TF

	L	M	H	MMMM
0-5 år	-4,1	-0,9	3,4	1,9
6-15 år	-26,7	-22,6	-17,7	-15,5
16-66 år	-11,1	-8,3	-4,0	-3,1
67-79 år	-3,3	-2,5	-1,2	0,9
80-89 år	25,8	26,8	27,4	29,9
90 år og eldre	15,7	15,7	16,1	15,7
Sum	-3,7	8,2	24,1	29,7
0-66 år	-41,9	-31,9	-18,3	-16,8
67 år og eldre	38,2	40,0	42,4	46,5

Brukar ein mellomalternativet til Telemarkforskning så skal tenester til aldersgruppa 6-15 år reduserast med 22,6 millionar, og tenester til aldersgruppa 67 og eldre aukast med 40 millionar i 2040.

Handlingsprogram til samfunnsdelen av kommuneplan 2021 - 2024



Hovudtema 1, Seljord i vekst

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
1.1 Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år	1.1.1 eit variert, attraktivt og konkurransedyktig handelssenter med næringar som også styrker tettstaden, spesielt med vekt på verdiskaping i handel og service	1.1.1.1 Samarbeide tett med Seljord næringslag i utvikling av ulike sentrumssatsingar 1.1.1.2 Motivere næringslivet til å ta inn fleire lærlingar	RM RM	Fortløpande	Fortløpande Fortløpande
	1.1.2 utvikling av basisnæringer som kompletterer eksisterande næring og som er framtidsokusert og klimavennleg	1.1.2.1 Fylgje opp mellom anna næringsetableringar på Århusmoen og i Nordbygd	RM	Fortløpande	Fortløpande
		1.1.2.2 Jobbe for lokal verdiskaping og næringsutvikling skal ha omsynet til natur og dyreliv som grunnpremiss	RM	Fortløpande	Fortløpande
	1.2.1 utvikle infrastruktur og areal for attraktive bustadområde og for nyetablering og vidareutvikling av næringslivet i kommunen	1.2.1.1 Syte for realisering av detaljreguleringsplan i område som er satt av til bustadføre mål i overordna planverk. I perioden skal	RM	Fortløpande	Fortløpande
1.2 Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100					

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
ekstra til flyttarar fram til 2030		Lomodden, Sinnesodden og Nes ha fokus			
		1.2.1.2 Gjennom kommunens arealplanlegging, syte for at det er tilstrekkeleg med attraktive næringsareal i kommunen	RM/K-styret	Fortløpande	Fortløpande
	1.2.2 ei bustadutvikling som skal oppretthalde og utvikle bustadareal generelt og leggje til rette for fortetting i pressområda spesielt, og som best mogleg forvaltar arealbruken i område med offentlege og private teneste- og servicetilbod	1.2.1.3 Gjennom kommunens arealplanlegging leggje til rette for varierte boligtomter og ulike boligtyper i heile kommunen	RM/K-styret	Fortløpande	Fortløpande
		1.2.2.1 Deltaka i nytt prosjekt for å fremje sal av gardsbruk saman med Vest Telemark rådet	K-styret		2020-2021
		1.2.2.2 Jobbe aktivt for å få dei som pendlar inn til kommunen til å busetje seg her	RM/K- styret		Fortløpande
1.3 Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein	1.3.1 samarbeid med nabokommunar for å styrke regionen, samt delta aktivt i regionale samarbeidsorgan	1.3.1.1 Delta i interkommunale prosjekt og anna samarbeid, som er relevante i høve til å	RM/K-styret	Fortløpande	Fortløpande

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
positiv pådrivar for næringsutviklin g og auka regional satsing og samarbeid	med prioritet på tydeleg samfunnsutvikling	levere gode tenester og som byggjer opp under målsetjinga			
		1.3.1.2 Få på plass ein overordna kommunal strategi for digitalisering	RM/K-styret		2021
		1.3.1.3 Bidra til god organisering, samarbeid og nettverk for regional vekst saman med næringsseksjonen i Vest Telemark	RM		Fortløpande
		1.3.1.4 Vurdere meir bruk av forpliktande partnerskapsavtalar for å få styrka samarbeid i regionen	K-styret		Fortløpande
		1.3.1.5 Bidra til at Vest- Telemarkrådet er eit tydeleg talerør og jobbar for regionen sine interesser	K-styret		Fortløpande
	1.3.2 Møtestad Seljord, slik at kommunen saman med turist- og handelsnæringane utviklar rolla og legg til	1.3.2.1 Vere ein aktiv eigar i Møtestad Seljord og bidra til god samhandling mellom aktørane i selskapet	RM	Fortløpande	Fortløpande

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
	rette som det godt vertskap for besøkande				
	1.3.3 å leggje til rette for fleire statlege arbeidsplassar til kommunen og regionen	1.3.3.1 I samarbeid med Vest Telemark rådet, sjå på korleis fleirkjernestrukturen i Vest Telemark kan utgjere eit fortrinn for å sikre statlege arbeidsplassar i kommunar og regionen – arbeidet bør gjennomførast som eit prosjekt 1.3.3.2 Jobbe aktivt for å få lokalisert fleire fylkeskommunale stillingar til kommunen, i tråd med fylkestinget sitt vedtak om å lokalisere fleire arbeidsplassar i Øvre Telemark	RM/K-styret RM/K-styret		2021 Fortløpande
	1.3.4 å leggje til rette for eit næringshagemiljø som supplerer næringsliv og andre aktørar i kommunen og regionen	1.3.4.1 Syte for at det er gode rutinar for rettleiing og rådgjeving mellom verkemiddelapparatet	RM	Fortløpande	Fortløpande

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
		hjá kommune og næringshagemiljøet 1.3.4.2 Sikre at næringshagane yter bistand for å sikre meir innovasjon og kompetanseutvikling innafor eksisterande bedrifter	RM/K-styret	Fortløpande	Fortløpande
	1.3.5 å leggje til rette for gründerverksemdar og innovasjon innanfor bransjar som til dømes miljøteknologi, vasskraft, kreative næringar, lokalmat og foredlingsliner	1.3.5.1 Tydeleg fordeling av næringsfondsmidlar slik at ein som kommune kan vere pådrivar for slike satsingar 1.3.5.2 Sikre at personar og bedrifter som ynsker å skape ny verksemd i Seljord har eit etablerartilbod 1.3.5.3 Bidra til a lokale verksemdar får nytta dei ulike delane av verkemiddelapparatet	K-styret K-styret RM	2019 – 2023	Fortløpande Fortløpande Fortløpande
	1.3.6 ein kommuneadministrasjon som tek sikte på effektivitet og som bidrar til samarbeidskultur og optimisme i eigen organisasjon				

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
	1.3.7 ein kommune der folkevalte og administrasjon saman utgjer eit sterkt fagmiljø som er tufta på tillit og som oppfattast samstemt og samarbeidsvillig i møte med næringsliv, friviljuge organisasjonar og innbyggjarar	1.3.7.1 Ha opne møter og grendemøter om viktige saker 1.3.7.2 Utvikle ungdomsrådet som ein engasjerande arena for lokaldemokrati og medverknad for unge i Seljord	RM/K-styret RM		Fortløpande 2021
	1.3.8 aktiv bruk av digitale og sosiale media for å få fram budskap om at Seljord er ein god stad å bu, besøke og etablere næring	1.3.8.1 Kommunens heimeside skal vere av høg kvalitet og gje innbyggjarar og andre riktig informasjon	RM	Fortløpande	Fortløpande
		1.3.8.2 Aktivt arbeid for utvikling av breiband og mobilnett for heile kommunen, for ny periode er det fylgjande område som har prioritet: Vefall/Brekke, Seljordsheii/Garvik/T elnes, Kivledalen og Øverbø i Åmotsdal 1.3.8.3 Marknadsføre kommunen som buområde for arbeidsplassar i	RM/K-styret RM		Fortløpande Fortløpande

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2021 – 2024

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
		Notodden og Midt-Telemark			
	1.3.9 å skape nye attraksjonar og tilbod som bygger opp under visjonen Seljord – det gode vertskap	1.3.9.1 Utarbeide kommunikasjons- og mediestrategi som byggjer opp under visjonen Seljord –det gode vertskap	K-styret		2021
		1.3.9.2 Arbeide aktivt for å økonomisk realisere fullføring av "bygdetrakk" (turvegen med tilhøyrande aktivitetsområde)	K-styret	2018-2021	2022-2026
		1.3.9.3 Etablere og utvikle ei Bygdevertsordning	RM/K-styret		2021 - 2024
	1.3.10 arbeide for at strategiane i denne kommuneplanen vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel, og dannar grunnlaget for sektorplanar og tematiske planar	1.3.10.1 Deltaking i nettverk/prosjekt "kunnskapsbasert strategisk planlegging" i regi av Telemarkforskning	RM	2018	2021
		1.3.10.2 Få på plass KDP for skule og oppvekst og for helse –og omsorg	RM	2018	2021
	1.3.11 å vere ein god og attraktiv arbeidsgjevar	1.3.11.1 Styrke det lokale trepartssamarbeidet,	RM		Fortløpande

Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2021 – 2024

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
		fokusere på førebygging av sjukefråvær og gje høg grad av tillit i arbeidskvarden til den enkelte arbeidstakar			
		1.3.11.2 Styrke heiltidskulturen i kommunen og i hovudsak lyse ut heile og faste stillingar	RM		Fortløpande
		1.3.11.3 Revidere dei lønnspolitiske retningslinjene	RM		2021
		1.3.11.4 Ha minst mogleg bruk av innleigd arbeidskraft frå vikarbyrå og liknande	RM		Fortløpande
		1.3.11.5 Lage ein plan for å nå målet om å nå 2 kommunale lærlingar pr. 1000 innbyggjarar	RM		2021

Hovudtema 2, Det gode livsløp i Seljord

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
2.1 Seljord skal tilby gode barnehagar og skular	2.1.1 engasjerte og kompetente tilsette som skal vere delaktige i utvikling av gode oppvekstvilkår for born og unge i kommunen	2.1.1.1 Tilsette i grunnskulen skal få tilbod om deltaking i den statlege vidareutdanningsordninga	RM	Fortløpande	Fortløpande
		2.1.1.2 Leiarar i barnehage og skule skal få tilbod om deltaking i relevant leiarutdanning	RM	Fortløpande	Fortløpande
		2.1.1.3 Tilsette i barnehage og skule skal få tilbod om relevant vidareutdanning og etterutdanning, jf. lokal kompetanseplan	RM	Fortløpande	Fortløpande
	2.1.2 ein skule med godt læringsmiljø og høg kvalitet på bygg og uteområde	2.1.2.1 Utvikle kantinetilbodet med omsyn til kvalitet og lokalitet for elevane ved ungdomstrinnet ved Seljord barne- og ungdomsskule	RM/K-styret	Fortløpande	2024
		2.1.2.2 Sørge for at alle skulebygg har høg kvalitet	K-styret	2021-2024	2024
		2.1.2.3 Utvide samarbeidet med skulehelsetenesta slik at tenesta får ein sterkare førebyggjande funksjon	RM	Fortløpande	Fortløpande
		2.1.2.4 Elevane skal gjennom arbeid med entreprenørskap utvikle	RM	Fortløpande	Fortløpande

Mål	Strategi – Seljord kommune skal satse på:	Tiltak -	Ansvarleg/ politisk handsaming	Tidsramme	Rullering ny periode
		metodekompetanse for å få til nytenking, setje eigne idear om til røynsle, utnytte lokale ressursar og sjølv bli ein ressurs i samfunn-, kultur og arbeidsliv i lokalmiljøet sitt			
I 2020 har Seljord kommune budsjettert med kr 4.050.000 i utbyte, kr 4 mill. frå VTK og kr 50.000 frå Telemark Bilruter. Etter resultatet for 2019 kunne VTK ha betalt meir i utbyte til kommunane i 2020, men det vart vedteke å «midle ut» 2020/2021 med eit utbyte på kr 17,5 mill. for kvart av desse åra. Resultatet for VTK for 2020 ligg ann til å bli dårleg, jamfør låge straumprisar. Kr 17,5 mill./kr 3.325.000 er vidareført i heile økonomiplanperioden.

Eigedomsskatt

Skatteobjekt	2020	2021	2022	2023	2024
Kraftanlegg	6 271 000	6 271 000	6 271 000	6 271 000	6 271 000
Overføringsanlegg/Kraftnett	1 204 000	1 204 000	1 204 000	1 204 000	1 204 000
Produksjonsutstyr og installasjonar ("maskinskatt"). Overgangsordning	141 000	113 000	85 000	56 000	28 000
Næringseigedomar (tidlegare "verk og bruk"). Overgangsordning	171 000	138 000	138 000	138 000	138 000
Sum "eksisterande" eigedomsskatt	7 787 000	7 726 000	7 698 000	7 669 000	7 641 000
Næringseigedomar (Ny)	0	0	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bustad- og fritidseigedomar (Ny)	0	0	3 000 000	6 000 000	9 000 000
Sum eigedomsskatt (ny)	0	0	5 500 000	8 500 000	11 500 000
Sum totalt	7 787 000	7 726 000	13 198 000	16 169 000	19 141 000

Ved innføring av eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar må ein byrje på lågaste skattesats som er 1 promille og deretter kunne auke med maksimalt 1 promille kvart år til ein når maksimal sats på 4 promille (tidlegast i 2025). Når det gjeld verk og bruk (og næringseigedomar) er Seljord kommune for lenge sidan kome opp i 7 promille. Eigedomsskatt på verk og bruk vart innført i Seljord i 1976.

Rådmannen gjer framlegg om å innføre eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Seljord kommune frå og med 2022, jf. eigedomsskattelova § 3 a, med ein skattesats på bustader og fritidsbustader på 1 promille i 2022, 2 promille i 2023 og 3 promille i 2024 og 7 promille for nærings eigedomar i heile perioden.

Eigedomsskatten på ein bustadeigedom med ein marknadsverdi/salsverdi på kr 2 mill. (kanskje ein gjennomsnitts bustadeigedom i Seljord kommune?) vert slik:

Marknadsverdi = Eigedomsskattetakst		2 000 000
Obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 %	- 30 %	- 600 000
÷ Eventuelt botnfrådrag		0
Berekningsgrunnlag		1 400 000
Eigedomsskatt (år 1/2022)	0,1 %	1 400
Eigedomsskatt (år 2/2023)	0,2 %	2 800
Eigedomsskatt (år 3/2024)	0,3 %	4 200
Eigedomsskatt	0,4 %	5 600

Det er kommunestyret som må bestemme om det skal vere botnfrådrag, og kor stort det eventuelt skal vere.

For nærings eigedomar er det marknadsverdien (leigeverdien) som gjeld og Seljord kommune er allereie på 7 promille på slike eigedomar. Ein nærings eigedom som får ein eigedomsskattetakst på kr 10 mill., må då årleg betale kr 70.000 i eigedomsskatt, og det er grunn til å tru at nokre nærings eigedomar får ein god del høgare takst enn det, fleire vil nok få ein skatt over kr 100.000 pr. år (og nokre kanskje godt over det òg). Mange nærings eigedomar vert sjølvstekt taksert langt lågare enn kr 10 mill.

Nokre eigedomar er fritekte for eigedomsskatt, til dømes statlege og kommunale eigedomar, kyrkjer og eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogsbruk (men våningshuset kan ikkje fritakast). Dessutan kan kommunestyret fritaka nokre typar eigedomar, til dømes eigedomane til frivillige lag og organisasjonar, og bygningar med historisk verdi.

Inntektene frå den nye eige-domsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag. Det er lagt inn kr 3 mill. (kvalifisert overslag/erfaringstal frå andre kommunar) i 2021 til konsulentar, taksatorar, programvare, utstyr, informasjonsmateriell og møtegodtgjersle. **Det er lagt til grunn at alle eige-domane skal takserast, dvs. at det ikkje skal brukast formuesgrunnlag (likningsverdi) på bustadeige-domane.** Det er kommunestyret som må vedta om det skal brukast formuesgrunnlag eller taksering (sjablongtaksering) av bustadeige-domane.

Eit oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester finst i eige vedlegg.

Brutto lånegjeld

Låneopptak/ Avdrag	Dato/År	Beløp	Folketal 01.07.2020	Lånegjeld pr. innbyggjar
Lånegjeld	31.12.2019	274 646 000	2 902	94 640
Låneopptak	2020	12 066 000		
Avdrag	2020	-12 728 000		
Lånegjeld	31.12.2020	273 984 000	2 902	94 412
Låneopptak	2021	32 326 000		
Avdrag	2021	-13 521 000		
Lånegjeld	31.12.2021	292 789 000	2 902	100 892
Låneopptak	2022	12 320 000		
Avdrag	2022	-13 759 000		
Lånegjeld	31.12.2022	291 350 000	2 902	100 396
Låneopptak	2023	4 320 000		
Avdrag	2023	-13 740 000		
Lånegjeld	31.12.2023	281 930 000	2 902	97 150
Låneopptak	2024	34 320 000		
Avdrag	2024	-13 713 000		
Lånegjeld	31.12.2024	302 537 000	2 902	104 251

Finanskostnader

Finansinntekter/-utgifter	Rekn. 2019	Just. busj. 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Renteinntekter	-1 385 000	-1 350 000	-713 000	-802 000	-892 000	-953 000
Utbyte	-5 177 000	-3 325 000	-3 325 000	-3 325 000	-3 325 000	-3 325 000
Sum renteinntekter og utbyte	-6 562 000	-4 675 000	-4 038 000	-4 127 000	-4 217 000	-4 278 000
Renteutgifter på lån	5 957 000	4 062 000	2 779 000	3 199 000	3 495 000	3 792 000
Avdragsutgifter	8 896 000	12 044 000	12 837 000	13 175 000	13 123 000	13 104 000
Sum rente- og avdragsutgifter	14 853 000	16 106 000	15 616 000	16 374 000	16 618 000	16 896 000
Netto finanskostnader	8 291 000	11 431 000	11 578 000	12 247 000	12 401 000	12 618 000

Vurdering av renter i økonomiplanperioden:

År	Kommunalbanken 24.09.2020		KLP 27.10.2020	Sjølvkostrente	Rådmannen har brukt ↓
	Med bruk av NB-overslag	Med bruk av marknadsrenter			
2021	0,90 %	0,97 %	0,94 %	0,91 %	0,90 %
2022	1,05 %	1,06 %	1,06 %	1,07 %	1,05 %
2023	1,40 %	1,25 %	1,31 %	1,20 %	1,20 %
2024	1,60 %	1,48 %	1,41 %	1,30 %	1,30 %

NB = Norges Bank

Pensjon

Det er budsjettet med om lag kr 18,5 mill. i pensjonskostnad kvart år i økonomiplanperioden. Inkludert i dette ligg at pensjonskostnaden går ned på grunn av færre tilsette (flyktningsenesta, barnehage og skule), men òg at den såkalla «*amortisering av tidlegare års premieavvik*» aukar gradvis utover i økonomiplanperioden. Korleis pensjonskostnaden vert i åra framover er usikkert. Pedagogisk personale er innmeldt i Statens Pensjonskasse, alle andre i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

For å unngå store variasjonar i pensjonskostnaden, er det innført ei ordning som skal jamne ut utgiftsført pensjonskostnad over tid. Denne ordninga, som kom i 2002, har ført til at kommunane åra har utgiftsført ein lågare pensjonskostnad enn det dei verkeleg har betalt inn i premie. Pr. 31.12.2019 har Seljord kommune i åra 2002-2019 utgiftsført i rekneskapen kr 16,3 (ekskl. arbeidsgjevaravgift) mindre enn det som faktisk er betalt inn i pensjonspremie. Dette beløpet skal utgiftsførast ("amortiserast") i åra som kjem. Premieavviket for 2002-2010 skal amortiserast (fordelast) over 15 år, 2011-2013 over 10 år og premieavvik for 2014 og frametter over 7 år.

Investeringar

Investeringsbudsjettet er hovudsakleg ei realisering av tidlegare politiske vedtak. Ein del av investeringsutgiftene kjem som fylgje av eksterne pålegg etter tilsyn, og som fylgje av slitasje eller skade på eksisterande kommunale eigedelar, dvs. "må-oppgåver". Nokre av kostnadene i investeringsbudsjettet er usikre. Fleire av investeringar er relatert til vatn og avlaup (VA) og vert finansiert av innbyggjarane gjennom kommunale avgifter.

Detaljar om nye investeringane går fram av tabellane «Bevilgningsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar».

Nytt VA nett til Nordbygdi industriområde – rebudsjettering

Kostnadsoverslag for nytt leidningsnett - hovudstrekk VA, samankopling av gammal og ny vassleidning, kryssing av Bygdaråi samt forsterkning av vassleidning frå Dyrskuplassen til Nordgardstangen. Kostnad, like i overkant av kr. 9.700.000, gjer at kostnaden med å framføre vatn og avlaup er svært høg sett i forhold til potensielle nye abonnentar. Kostnaden med framføring av vatn og avløp vil bli belasta kommunens eksisterande abonnentar og vil utgjere ca. 12.000 kr totalt pr. abonnent fordelt på avskrivningstida på 40 år.

Framføring nytt vatn og avløpsnett til Sinnesodden

Reguleringsplan for Sinnesodden skal ut på offentlig høyring og Seljord kommune har tidlegare varsla at kommunen skal bistå med framføring av hovudnett vatn og avløp til området. Dette er ikkje prosjektert eller laga kostnadskalkyle på, men vi har satt av ein sum på 7 millionar fordelt på 2021 og 2022 for dette tiltaket. Summen er basert på estimert utifrå kostnad frå lignande prosjekt.

Oppgradering Seljord reinseanlegg

Overordna vatn og avløpsplan visar at det er behov for å utvide kapasiteten på Seljord RA. Det settast av kr 7.581.000 for perioden 2021 - 2022 for å få dette på plass. Viktig å sjå opp imot utviding i Nordbygdi og Sinnesodden.

Planlagt utskifting av leidningsnett vatn og avløp

J.f overordna vatn og avløpsplan som er ute på høyring er det behov for systematisk å skifte ut gammalt leidningsnett. Det er satt av 1.500.000 årleg på vatn og 1.500.000 årleg på avløp kvart år i økonomiplanperioden til dette arbeidet.

Trafikktryggleikstiltak.

På same måte som tidlegare år, vert det lagt fram forslag om å vidareføre arbeidet med trafikktryggleik gjennom investeringar i infrastruktur for å medverke til auka tryggleik i den lokale trafikken. Løyvinga nyttast i samsvar med plan for trafikktryggleik. Det er budsjettert med kr 1 mill. årleg. Tilskot frå fylkeskommunen på inntil 60% og mva kompensasjon gjer at den kommunale delen utgjere ca. kr. 320.000 årleg

Utbetring av ventilasjon/avtrekk maskinar sløydsal

Det er behov for avtrekk på maskinar i sløydsalen på Seljord barne- og ungdomskule. Slik det er no blir tilsette eksponert for mykje støv i arbeidssituasjonen. kostnad er estimert til kr. 250.000,- inkl. mva

Vognskur/garasje i Seljord barnehage - avdeling Heddeli

Heddeli bhg har fleire små barn som søv i barnehagen nå enn når småbarnsavdelinga blei bygd i 2005. Vi har ikkje plass til alle vognene i dagens vognskur og har behov for utvida rom. Løysinga er å bygge ein garasje til oppbevaring av vogner og kombinere det med lagerplass som det også er mangel på. Kostnad er 187.500 inkl. mva.

Nye leikeapparat ved barneskulen

Det er behov for utskifting av dei gamle leikeapparatene på framsida av skulen. Lagt til grunn innkjøp av tre nye apparat/installasjonar og fjerning av dei gamle utslitte tømmerstokkene m.m. kostnad er 187.500,- inkl. mva.

Oppgradering/utvikling av skulebygg – skulepakka

Det er lagt til grunn eit investeringsbehov på kr 30 millionar eks mva på skulebygg i 2024. Det er grunn til å tru at vi i løpet av få år kan risikere at alle tre skulebygga våre ikkje er godkjente etter forskrift om miljøretta helsevern. Det er altså eit stort behov for tiltak ved begge skulane våre, Seljord barne- og ungdomsskule og Flatdal skule.

Ny avkøyring og bru til industriområdet i Nordbygdi - rebudsjettering

Reguleringsplanen for Nordbygdi (vedteke 11.06.09) legg opp til å utvikle industriområdet i Nordbygdi. For å realisere dette må det lagast ny avkøyring frå E 134 og bru over Bygdaråi. Det skal framforhandlast utbyggingsavtale med partane som ynskjer utvikling, og kommunens bidrag er satt til kr 5.000.000,-. Det er bruka 875.000 brutto hittil i år for prosjektering, og det er estimert å bruke inntil 125.000 brutto til. Det må rebudsjetterast med 4 mill. for 2021.

Kjøp av eigedom - Flatin deponi

Seljord kommune har etter forhandling med SVV fått til ein avtale om overtaking av eigdommen Flatin deponi, det blei i møte 4.11.2019 avklart at endeleg overtaking fyrst kan skje hausten 2020. Dette grunna at det skal gjennomførast ei jordskiftesak for å endeleg fastsette eigedomsgrenser og for å avklare bruksordning til veglag. Etter at Statens vegvesen har gjennomført taksering er prisen på eigdommen satt til kr 200.000,-.

Ombygging Heddeli – utsatt til 2021

Kostnad av ombygging Heddeli er estimert til å ligge mellom 7.5 millionar og 8.5 millionar kr. det er litt over anslaget som blei gitt i vår. Brannteikningar og brannrapport er utarbeida, og ein har fått Skorve ent. til å gje eit kostnadsoverslag. Det er forslag om å selge fylgjande kommunale eigedom: Moganvegen 1 - Dagsenter Psykiatri. Det er uvisst kva som vil bli salssum for huset, men ein har satt eit lågt estimat på 1.000.000 for sal av kommunal eigedom.

Innkjøp av driftsmiddel- elektrisk minihjullaster teknisk drift

Teknisk drift har behov for å auke maskinparken då ein ser at det er utfordrande å få unna enkelt vedlikehald i til dømes barnehage og skule. Kommunen har til rådighet ein traktor, og denne er mykje i bruk til vegvedlikehald både sommar og vinter, då kommunen no gjer mykje av vedlikehaldet ein før kjøpte tenester frå andre til. Ein tenkjer det er lurt å investere i elektriske maskinar då dette både reduserer driftskostnader med 20% kvar månad, og ein er med på å redusere utslepp frå kommunes maskinpark totalt sett. Denne maskina er utsleppsfri.

Budsjettskjemaet «Investeringar i varige driftsmidlar» syner ein samla oversikt over investeringstiltak i budsjett 2021 og i økonomiplanperioden.

Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter

Innleiing

Sentraladministrasjonen bidreg til fellestenester for alle programområdene. I følge ein landsdekkande undersøking våren 2019 utført av Agenda Kaupang, ligg Seljord på normalen når det kjem til talet på tilsette i administrasjon. Tilsette i sentraladministrasjonen er rådmannsteamet, arkiv, sentralbord, personal- og økonomi, reinhaldsleiar og sekretær/møtehandsamar til politiske møte.

Ansvar 100 – Folkevalde

Val i 2021 og 2023. Det er budsjettera med støtte til dei politiske partia, dette er ei frivillig ordning. Ordinær partistøtte kjem over statsbudsjettet.

Ansvar 101 – Kontrollorgan mm.

Budsjettet omfattar utgifter til kommunal revisjon og drift av kontrollutvalet og er i samsvar med kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret for budsjettåret 2021.

Ansvar 110 – Rådmannskontor og fellestenester

Budsjettet omfattar drift av rådmannskontoret og ei rekke fellesfunksjoner i kommunen. Budsjettet tek høgde for vidareføring av dagens nivå. Det er lagt inn lønsmidlar for vikar/ ekstra bistand i 33,3% stilling i perioden fram til 1.5.2021. Ansvarsområdet er og styrka med løn til arkivleiar og politisk sekretær (overført frå ansvar 116). Kommunalsjef for PO 2 skule –og oppvekst er redusert til 80 % stillingsheimel på fast basis.

På teneste 1201 «Fellestenester» på ansvar 110 er det budsjettert med at kommunen i sum skal få inntekter frå sjukepengar/foreldrepengar utan at det blir sett inn vikar i langtidsfråveret, altså frå dag 17 av fråveret og utover til eitt år. I 2021 er det budsjettert med kr 1,75 mill. i slike inntekter, i 2020 kr 1,55 mill., i 2023 kr 1,15 mill. og i 2024 kr 0,75 mill. Kr 1,75 mill. utgjør om lag 3 årsverk (i 2021).

Ansvar 111 – Økonomiavdelinga

Budsjettet gjeld drift av økonomiavdelinga. Det er lagt inn kr 3 mill. (rund sum) til konsulent/taksator til taksering av alminneleg eigedomsskatt. Ansvar for skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll er frå og 01.11.2020 overført frå kommunane til staten.

Ansvar 112 – IT

Budsjettet omfattar drift av IKT innan alle avdelingane. Ein stor del av budsjettet går til driftsavtale med ekstern driftsoperatør, aspIT. I tillegg er det budsjettera med kostnader til lisensar og andre vedlikehaldsavtaler på ei rekke fagsystem innan arkiv, økonomi, skatt, helse, skule, pleie og omsorg, sosial, kart og oppmåling mm.

Ansvar 113 – Telefon

Budsjettet omfattar i hovudsak kostnader knytt til abonnement og teletrafikk.

Ansvar 114 – Forsikringar

Budsjettet omfattar kommunens forsikringar. Kommunen har inngått forsikringsavtaler gjennom forsikringsmeklaren Pareto. Kommunen har kommunal ansvarsforsikring, tingforsikring, gruppeliv, yrkesskade, barneulykke og forsikring av motorvogner i forsikringsselskapet Protector Forsikring. Reiseforsikring er i Europeiske reiseforsikring.

Ansvar 116 – Personalavdelinga

Budsjettet omfattar drift av personalavdelinga, inkludert løn, fråvær og refusjon, merkantil avdeling med ekspedisjon, post og nokre arkivoppgåver, samt administrasjonslokale. Arkivleiar og møtehandsamar har i løpet av hausten 2020 vorte flytt inn under rådmannskontor og fellestenester, då det meir naturleg høyrer til her, til saman 2 årsverk. Bedriftshelseteneste og andre felleskostnader som til dømes opplæringsplan og felles velferdstiltak for tilsette ligg til ansvar 116.

Løn og refusjonsarbeidet i kommunen har eit etterslep og for å komme a jour på fagområdet er det lagt inn 40 % stilling i seks månader. Ein håpar at dette vil legge til rette for ein meir normal arbeidsbelastning og arbeidsdag for dei tilsette. Dette tiltaket vil ha ein kostand på kr 132 690, inkludert pensjons- og arbeidsgjevaravgift.

Internposttenesta er ei serviceteneste for alle einingar og avdelingar i Seljord sentrum.. Ein tilrår ikkje at denne stillinga vert redusert før ein har etablert nye rutinar som kan erstatte denne. Det er satt av lønsmidlar inkl. sosiale utgifter samt køyregodtgjersle tilsvarande totalt kr 153 132 pr .år for 2021 og 2022.

Annakvart år arrangerer Seljord kommune jubileumsfest for tilsette som har vore tilsett i 25 år. I 2021 er det tid for ei slik markering igjen. Arrangementet inkluderer middag og gåve, beståande av to sylvljosestakar – der ei har inngravert *Seljord kommune*. Det er lagt inn eit beløp på kr 70 000 til dette arrangementet i 2021.

Ansvar 117 - Reinhaldsavdeling

Under koronapandemien vart det raskt sett fokus på reinhald. Styrking av reinhaldsressursane ved helse- og omsorgseiningane vart prioritert for å hindre smittefare og for å kunne oppretthalde trygg bemanning innan helse og pleie. Reinhaldarar vart omprioriterte frå arbeid innan PO2 til arbeid på einingar i PO3. Fleire tilsette fekk auka stillinga og endra arbeidstid som fylgje av dette. I tillegg fekk vi tak i gode vikarar som kunne ta på seg arbeid i tilnærma full stilling.

Kommunestyret vedtok i sak 78/20 å etablere ei reinhaldsavdeling der ein samlar alle reinhaldarar som er tilsett i kommunen i ei avdeling, i staden for at dei har tilsetting på eininga. Dette har vore ei lenge ønska løysing som ein tidlegare ikkje har finne middel til, men som ein no har erfart at har mange fordelar som det er verdt å ta med seg. Denne etableringa inneber ei lønsauke for reinhaldsleiar samt tilsetting i 60 % reinhaldsstilling, i dag tilknytt reinhald på kommunehuset, for å frigjere reinhaldsleiarressursen.

Ansvar 125 – Nav kommune

Frå 01.01.2020 blei NAV Seljord ein del av NAV Vest-Telemark, med hovudkontor på Dalen i Tokke. Gerd Kari Skaalen blir leiar for dette NAV-kontoret. Gjeldsrådgjevar i 60 % stilling, vil vidare også vere tilsett i Seljord kommune, i ei stilling som er eit spleiselag med resten Vest-Telemark kommunane. Gjeldsrådgivar vil få kontor plass i Seljord.

Kostnadane for denne stillinga er fordelt etter folketalet i kommunane.

Det er budsjettert med kr 2.553.000 i økonomisk sosialhjelp kvart år i økonomiplanperioden, slik som for 2020.

Ansvar 130 – Kyrkjelege føremål

Budsjettet omfattar overføringar til tidligare Seljord kyrkjelege fellesråd, no Seljord sokn og er redusert med tilskot til andre trussamfunn som no gjeng over statsbudsjettet.

Ansvar 150 – Tilleggsføringar

Budsjettet inneheld ein lønsreservepost på kr 3.998.000 som skal finansiere lønsoppgjøret i budsjettåret. Beløpet skal dekkje på løn og sosiale kostnader (pensjon og arbeidsgjevaravgift av lønsveksten) og tilsvarende for Seljord sokn. Tilleggsføringar til disposisjon for formannskapet (kr 120.000) og for ordførar og rådmann (kr 30.000) er vidareført på lik linje med tidlegare år. Det er ført opp ein tilleggsføringsspost til integrering av flyktningar på kr 500.000.

Ansvar 199 – Avskrivingar

På dette ansvaret vert avskrivingane på anleggsmidla ført. Avskrivingane i økonomiplanperioden er stipulert til om lag kr 15,6 mill. I kommunerekneskapen får ikkje avskrivingane nokon resultateffekt i driftsrekneskapen, men verdien av anleggsmidlane vert nedskriven i balanserekneskapen.

Programområde 2 Skule og oppvekst. 116,44 årsverk 2021.**Innleiing**

Hausten 2020 starta ein forventet nedgang i elev- og barnetal. Nedgangen held fram i 2021 og vil truleg ikkje flate ut før 2030. Da kan elevtalet i grunnskulen bli så lågt som 230 elevar i 1. til 10. klasse. Barn i barnehagealder vil gå litt ned dei neste åra, og deretter ligge relativt stabilt. Medio oktober er situasjonen i grunnskulen slik det går fram av tabellen under (2020-21 markert med gult). Tabellen viser forventet elevutvikling i grunnskulen neste 10 år.

ELEVTALESUTVIKLING 2020-2030										
FLATDAL OPPVEKSTSENTER, SKULE										
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Trinn/år	2020-2021	2021-2022	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
1. årstrinn	11	10	15	5	6	6	4	6	6	6
2. årstrinn	13	11	10	15	5	6	6	4	6	6
3. årstrinn	12	13	11	10	15	5	6	6	4	6
4. årstrinn	10	12	13	11	10	15	5	6	6	4
5. årstrinn	11	10	12	13	11	10	15	5	6	6
6. årstrinn	10	12	10	12	13	11	10	15	5	6
7. årstrinn	7	11	12	10	12	13	11	10	15	5
	74	79	83	76	72	66	57	52	48	39

SELJORD BARNE- OG UNGDOMSSKULE, BARNETRINNET										
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Trinn/år	2020-2021	2021-2022	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
1. årstrinn	13	19	16	14	20	13	10	15	15	15
2. årstrinn	16	13	19	16	14	20	13	10	15	15
3. årstrinn	28	16	13	19	16	14	20	13	10	15
4. årstrinn	30	28	16	13	19	16	14	20	13	10
5. årstrinn	33	30	28	16	13	19	16	14	20	13
6. årstrinn	29	33	30	28	16	13	19	16	14	20
7. årstrinn	18	29	33	30	28	16	13	19	16	14
Totalt	167	168	155	136	126	111	105	107	103	102

BARNESKULANE SAMLA										
f.kull	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Trinn/år	2020-2021	2021-2022	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
1. årstrinn	24	29	31	19	26	19	14	21	21	21
2. årstrinn	29	24	29	31	19	26	19	14	21	21
3. årstrinn	40	29	24	29	31	19	26	19	14	21
4. årstrinn	40	40	29	24	29	31	19	26	19	14
5. årstrinn	44	40	40	29	24	29	31	19	26	19
6. årstrinn	39	45	40	40	29	24	29	31	19	26
7. årstrinn	25	40	45	40	40	29	24	29	31	19
	241	247	238	212	198	177	162	159	151	141

SELJORD BARNE- OG UNGDOMSSKULE, UNGDOMSTRINNET										
Trinn/år	2020-2021	2021-2022	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
8. årstrinn	30	25	40	45	40	40	29	24	29	31
9. årstrinn	45	30	25	40	45	40	40	30	27	29
10. årstrinn	34	45	30	25	40	45	40	40	30	27
	109	100	95	110	125	125	109	94	86	87

SELJORD GRUNNSKULE - SAMLA										
År	2020-2021	2021-2022	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
Sum	350	347	333	322	323	302	271	253	237	228

Merknad: Ein elev ved Montessoriskulen i Hjartdal 2020-21 (totalt 351 elevar i gr.skulealder 1.10.2020).

Nedgangen i elevtal inneber tap av svært store inntekter i tida framover. Det er usikkert om det er mogleg å redusere driftsnivået så raskt som inntektene stuper, fordi storleiken på fleire av gruppene i skulen er større enn 15/20 elevar slik at ein uansett må ha ekstra lærar, jf. lærarnormen. Men frå 2023 er det lagt til grunn reduksjon av 1 stilling på 1.-4.trinn ved Seljord b- og u.skule, samt ytterlegare 1 stilling på 5.-7.trinn frå hausten 2023.

I barnehagane må ein redusere kapasitet og bemanning ned om lag 20 % i tida fram til 2023. Det er budsjettert med reduksjon av inntil tre stillingar i barnehagen i sentrum, 2 stillingar frå hausten 2022 og 1 stilling frå hausten 2023. Det er lagt til grunn at bemanning av barnehage gjer det mogleg å innfri krav til opptak av barn i samsvar med barnehageloven, men det er ikkje grunnlag for opptak gjennom heile året (barn som fyller eitt år i løpet av våren). Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. I Seljord har vi plass til fleire barn i barnehage, men har ikkje økonomi til å auke bemanninga.

På veg inn i budsjettåret 2021 har vi eit driftsnivå som er langt høgare enn lagt til grunn i gjeldande økonomiplanperiode. Frå sentrumsskulen er det varsla om store behov i enkelte elevgrupper. Leiinga har varsla at driftsnivået kome i konflikt med lov og forskrift på enkelte områder. Situasjonen fører allereie til avviksmeldingar og sjukmeldingar grunna stor belastning på dei tilsette.

Parallelt med store utfordringar på driftssida er det no eit akkumulert behov for investering i skulebygga våre. Hausten 2020 er Flatdal skule ikkje lengre godkjent etter «forskrift om miljøretta helsevern i skule og bhg mv». I tillegg er det eit stort behov for vedlikehald og investering ved Seljord barne- og ungdomsskule. Det er behov for investering i skulebygga i løpet av få år. I verste fall kan kommunen i løpet av få år risikere at vi ikkje har «godkjente skulebygg».



Sett i ljøs av den samla elevtalsutviklinga dei neste ti åra, reduserte inntekter og auka behov i elevgruppene bør ein difor gjennomføre desse tiltaka i åra framover:

1. Overføring av elevar 5.-7.trinn i Flatdal til sentrumsskulen frå hausten 2023. Forventa elevtal i sentrum blir da om lag 171 elevar (136 elevar sentrum, 35 elevar Flatdal).
2. Overføring av elevane i ved 1.-4. trinn i Flatdal til sentrumsskulen frå hausten 2025. Forventa samla elevtal i sentrum vil da vere 177 elevar (111 elevar sentrum, 66 elevar Flatdal).
3. Oppvekstsenter (barnehage/skule) til og med 4. trinn i Flatdal frå hausten 2023 med samling av tilsette og barn/elevar i samfunnshuset. Dette alternativet vil føre til reduserte utgifter til investering i skulebygg, men føreset at kommunen får leige eller overta samfunnshuset.

Auke spesialpedagogiske behov barn og elevar

Skule og barnehage har for tida aukande behov for spesialpedagogiske støttetenester i tillegg til raskt aukande behov for oppfølging av framandspråklege elevar. Dette kan vere tilfeldig variasjon, og/eller starten på ein ny trend. Nivået i Seljord har i fleire år vore lågare enn i mange andre kommunar. Auken i behovet for spesialundervisning i skulen *kan* vere ein indikator på at grunnressurnivået i skulane over tid har vore for lågt. Det kan og vere ein indikator på at mange framandspråklege elevar ikkje får tilstrekkeleg hjelp dei fyrste åra i skulen og difor får rett/behov for spesialundervisning seinare. Seljord barne- og ungdomsskule har tatt i mot svært mange framandspråklege barn dei siste åra, både flyktningar og barn av arbeidsinnvandrarar.

IKT-arbeidet skule og barnehage

Det er behov for å fylgje opp det digitale arbeidet i sektoren, både i høve til utstyr, kompetanse og pedagogisk utviklingsarbeid, samt innføringa av nye administrative program i barnehage og skule. Det er utfordringar med innføring av «Visma flyt skule» som fører til at t.d. barnehagen får ekstra utgifter til programvare i 2021, samt at skulane enda ikkje har eit godt fungerande skuleadministrativt fagsystem. Det er tilsett ein ressurs i Vest-Telemark som jobbar på vegne av alle VT-kommunane for å kome i mål med Visma flyt skule. Dette er ført i budsjett 2021 som ekstra utgift.

Sommaren 2021 er den treårige (2018-21) digitale storsatsinga i skulen gjennomført. Evaluering og vidareføring av det digitale arbeidet skal gjennomførast på skulenivå, men det er lagt til grunn at skulane ynskjer å vidareføre 1-1 dekning maskinvare per elev, 1.-10.trinn. Kostnadene knytt til ny periode med leasing eller kjøp av nytt utstyr vil ikkje vere klart før sommaren 2021. Det er difor ein viss usikkerheit til budsjetteringa av dette i 2021. Det er eit stort behov og ynskje om ein IKT-ressurs som kan hjelpe barnehage og skule i det daglege arbeidet og vere bindeledd mellom kommunen og ymse leverandørar av digitale tenester. Men dette er det ikkje funne plass til i budsjettframlegget.

Ansvar 200 Fellestenester kommunalsjef (undervisningskontoret).

Ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter administrert av undervisningskontoret, inkludert enkelte fellesutgifter til dømes kurs og opplæring. Driftsnivået er vidareført som i 2020. Kontoret løner pedagogisk konsulent, spesialpedagog og logoped. Spesialpedagogen blir i hovudsak brukt i barnehagane og logopeden i barnehagane og i skulane for å oppfylle vedtak etter sakkunnig vurdering. Men dei kan også ha oppfølging av pasientar/brukarar innanfor helse. Lønsutgift og arbeidsstad for logoped og spesialpedagog er ført på undervisningskontoret, men kostnaden kan og førast på den enkelte skule og barnehage som brukar tenestene. Den pedagogiske konsulenten arbeider om lag 40% med arbeidsoppgåver knytt til skule, SFO og barnehage (superbrukar på Visma barnehage inkl. opptak, fakturering av brukarbetaling, samt personalutvikling lokalt og regionalt i barnehagesektoren). Resten av stillinga er knytt til arbeid med kommunale heimesider, samt HMS-arbeid.

Rettleiingsteamet i Vest-Telemark

Det er innført nasjonale krav til rettleiing av nyutdanna lærarar. Omgrepet lærar viser til barnehage-lærarar, lærarar på barnetrinnet, mellomtrinnet, ungdomskuletrinnet og i vidaregåande skule. Gjennom fleire år er rettleiingsteamet i Vest-Telemark drive av eldsjeler på barnehagefeltet i samarbeid med USN, på oppdrag av Barnehageforum i Vest-Telemark.

Dette året har vi fått med skulen i Seljord og Forum for utdanning er invitert med i eit samarbeid for å danne eit rettleiingsteam som jobbar på tvers av barnehage og skule i heile Vest-Telemark. Dette er det fleire gode erfaringar med i andre kommunar. Det er prioritert vidareutdanning av tilsette i barnehagane i Seljord, slik at vi har tilgang på kompetente rettleiarar. Pr. i dag har Seljord kommune sju barnehagelærarar med formell rettleiingskompetanse av ny dato, samt ei under utdanning. Og vi har ein lærar i grunnskulen. Dei har alle same vidareutdanning og har kompetanse til å rettleie på tvers av yrkesgrupper.

Ansvar 205 - Avdeling for integrering og vaksenopplæring.

Avdelinga har ansvar for einslege mindreårige, vaksenopplæringa og flyktingetenesta. Tenestene har redusert tenestenivået kvart år etter ny organisering av tenestene i 2018 grunna den store auken av flyktingar 2016-17. Frå hausten 2020 er avdelinga igjen organisert direkte under kommunalsjef for oppvekst. Det er lagt til grunn at nivået på busetting vil vere 10 nye flyktingar årleg i økonomiplanperioden. Seljord er ein av svært få kommunar med færre enn 5 000 innbyggjararar som får halde fram som busettingskommune.



Busetting av flyktingar har vore viktig for å oppretthalde folketalet i Seljord. Auka busetting 2016 til 2019 kom parallelt med at talet på nyfødde seljordingar var lågare enn tidlegare år. Nye framandspråklege barn har kompensert for denne nedgangen. Medio oktober 2020 har vi busett tre nye flyktingar. Kommunen er varsla om busetting av to nye familiar (fem vaksne og tre barn) frå Kongo i desember 2020. Desse kjem direkte frå flyktingleir. IMDi har signalisert at oppmodinga for 2021 kan bli 10 nye flyktingar, men det er stor usikkerheit til busettingsnivået framover.

Ny integreringslov frå 2021 stiller krav til kvalifiseringsarbeid i norske kommunar som vil føre til ekstra utgifter dersom ein ikkje lykkast med å kvalifisere deltakarane. Mange av flyktingane vi tek i mot framover vil ha store behov. Erfaringa med t.d. analfabetar er at det tek mykje lengre tid å kvalifisere dei for vidare arbeid og/eller utdanning. Høgt busettingsnivå dei siste åra har samla sett ført til eit **for stort trykk** på enkelte tenester, som til dømes skulen i sentrum.

Ein bør vurdere nedtrapping av busettingsarbeidet. Dette vil ha store økonomiske og praktiske konsekvensar, men er noko ein no må vurdere grundig.

Det er budsjettert med reduksjon/bortfall av 50 % stilling frå 1.8.2021 i bustad EMF, unge einslege flyktingar, og 100% stilling frå 1.1.2022. Dette blir siste året vi får tilskot for

ungdommane som alle fyller 20 år i løpet av 2021. Ein legg til grunn at ungdommane må klare seg sjølve frå nyttår 2021, men at dei kan ha tilgang til bustaden dei kjenner som heimen sin fram til nyttår. Inntekter og utgifter er fjerna frå og med 2022 og ut økonomiplanperioden for teneste 2520, EMF.

Det er innarbeidd reduksjon av stillingar i budsjett 2021 ved Vaksenopplæringa. Dette fordi tilsette ynskjer reduserte stillingar og fordi talet på deltakarar gradvis har blitt mindre det siste året. Sjølv med busetting av flyktningar framover vil talet på elevar vere så lågt at ein må vurdere om det er pedagogisk fornuftig og/eller økonomisk riktig å drifte lokal Vaksenopplæring. Frå 2023 kan det bli kostnadseffektivt å kjøpe tenester frå nabokommunar og avvike tenesta lokalt. Administrasjonen vil gå i dialog med andre kommunar om dette i løpet av 2021.

Ansvar 210 og 211 - Seljord barne- og ungdomsskule.

For dei komande åra er det spesielt tre store utfordringar som peikar seg ut for barneskulen og ungdomsskulen.

Begge skulane har utfordringar med bygga.

Alle klasserom er i bruk, og det er for få grupperom. Nokre av grupperomma er også ueigna som grupperom på grunn av rommets konstruksjon og at det ikkje er lydisolering

mellom rom. Skulene har difor utfordringar med å sikre ro og skjerming for dei elevane som treng dette. På barneskulen er det for få arbeidsrom for dei tilsette slik at kontoret til assisterande rektor og møterommet er gjort om til arbeidsrom. Dette gjer møteverksemd svært krevjande.

Elevane på barnetrinnet har også svært begrensa garderobeplass som gjer at det er vanskeleg å halde orden i gangane, og at det er nok plass til skiftetøy og anna.

Uteområde for begge skulane treng oppgradering for å gje elevane eit uterom som innbyr til aktivitet og leik. Ved å investere i uteområdet vil det kunne betre elevanes psykososiale skulemiljø, og gje elevane ein meir aktiv skulekvardag.

Flyktningar. Seljord barne- og ungdomsskule har inneverande skuleår 18 % som er fleispråklege elevar. Mange av desse elevane er flyktningar som ikkje har vore i barnehage- og/eller skulesystem før dei kom til Noreg. Å taka i mot elevar med slik bakgrunn krev spesiell



kompetanse og det krev ekstra bemanning. Det tek 5-8 år å lære eit nytt språk, og PPT seier at skulen skal leggje til grunn at alle barn som har måtte flytte frå sitt eige heimland er traumatiserte. Tilbakemeldingar frå tilsette og leiing ved sentrumskulen har vore, og er, at skulen ikkje innehar nok kompetanse, og blir heller ikkje sikra nok ressursar til å ta i mot og følgje opp elevane utan ekstra tilskot for kvar gong flyktningar skal starte i skulen. Det betyr at skulen er ikkje rigga for å ta i mot flyktningar, utan at skulen får ekstra midlar til å tilsette folk til å følgje opp elevane.

Spesialundervisning. Det er, og vil i åra framover vere eit aukande behov for spesialundervisning. Det gjer at skulen må bli sikra nok midlar til å kunne undervise med høg kvalitet i spesialundervisninga. Det er spesielt eit trinn som det er mykje usikkerheit rundt kor mykje bemanning som er det reelle behovet i åra framover. Desse behova ligg ikkje inne i budsjett 2021 eller i økonomiplanperioden fordi sakene er ikkje ferdig behandla hos Vest-Telemark PPT.

Ansvar 220 og 221 - Seljord barnehage

Seljord barnehage avdeling Heddali har 46 barn /61plassar med ei grunnbemanning på 12,26 årsverk barnehageåret 2020/2021. Vi får renovera dei to eldste bada i løpet av hausten 2020. Vi har fleire små barn som søv sidan småbarnsavdelinga blei bygd i 2005. Det for liten plass til oppbevaring av vogner. I tillegg er det liten lagerplass generelt i barnehagen. Ved å bygge ein garasje kan vi både få nødvendig vognplass og meir lagringsplass.

Barnehagen har eit stort behov for beising. Vi er mykje meir ute i barnehagen og det blir større slitasje på uteområdet og leikeapparata. Det krevst generelt meir vedlikehald.

Seljord barnehage avdeling Tussejuv har 45 barn/65plassar med ei grunnbemanning på 15,48 årsverk barnehageåret 2020/2021. Vi får montera kjøling på ventilasjonsanlegget i løpet av hausten 2020. Vi er mykje meir ute i barnehagen og det blir større slitasje på uteområdet. Det krevst generelt meir vedlikehald.

Ansvar 212 og 222 - Flatdal oppvekstsenter

For dei komande åra er det særleg tre utfordringar som peikar seg ut for Flatdal Oppvekstsenter, skule.

Bygg. Alle klasserom og grupperom er i bruk ved skulen. I tillegg held to klassar fast til på samfunnshuset. Begge romma på samfunnshus er godt eigna som klasserom. Men det eine er

også skulens bibliotek. Det medfører at klassa som er på biblioteket må finne alternative undervisningslokale når dei andre klassane skal på biblioteket.

Skulen har/hadde tre grupperom. Eit av grupperomma vart pussa opp i 2019/20. Det er no i bruk som arbeidsplass for tilsette. Eit av romma er kombinert arbeidsrom for assistentane og helsesjukepleiar. Det siste rommet inneheld eit treningsapparat til ein enkeltelev.

Arbeidsrommet til lærarane er på dispensasjon. Alle lærarane (unntatt tre) deler på dette. Bare det eine rommet er lydisolera.

Punkta over gjer møte- og samarbeidssituasjonen krevjande. Det same gjeld for enkeltelevar treng skjerming. Ein må snakke med låg stemme om ikkje andre skal høyre kva det vert snakka om. Det er utfordrande i samtale med helsesjukepleiar, logoped, foreldre eller når enkeltelevar treng ro.

Spesialundervisning. Det kan sjå ut til å bli eit aukande behov for spesialundervisning framover. Tiltaka som er ved skulen i dag har eit stort omfang. Skulen må ha nok midlar til å kunne undervise med høg kvalitet i spesialundervisninga. Det er enkeltelevar med auka behov ved skulen. Desse behova ligg ikkje inne i budsjett 2021 eller i økonomiplanperioden fordi sakane enno ikkje er handsama av PPT.

Organisering. Flatdal skule har no eit elevtal på 75 elevar. Det ser ut til å vere stabilt framover. Talet på elevar gjer at det er økonomisk rom for å dele skulen i seks klassar på sju trinn. Å undervise to trinn i ei gruppe er utfordrande. For at elevane skal få best mogleg tilpassa opplæring er det formålstenleg med ei sju-delning av Flatdal skule.

Ansvar 223 - Åmotsdal barnehage

Åmotsdal barnehage har etter hovudopptak for 2020-21 ingen barn. Barna er overført til barnehagen ved Flatdal oppvekstsenter frå hausten 2020. Fire medarbeidarar er flytta til Seljord barnehage. Gjeldande avtaler med grendelaget er avslutta frå september 2020. Grendelaget i Åmotsdal har no ansvar for skulebygget, samfunnshuset og barnehagebygget i Åmotsdal utan at dei har



leigeinntekter frå kommunen, noko som bli vanskeleg for grendelaget på sikt.

Ansvar 230 – Kulturskulen.

Kulturskulen har 115 elever fordelt på tilbud om enkelttimar, gruppeundervisning og vaksne i grupper. Skulen leverer også timar til barneskulen og ungdomsskulen innanfor grunnskulens musikkundervisning. I tillegg sel skulen timar til andre kommunar, lag og organisasjonar.

Programområde 3 Helse og omsorg

2020 har vore eit spesielt år med koronapandemien som i stor grad har prega helse- og omsorgstenestene i Seljord kommune. Pandemien er ikkje over og tiltaka som er sett i verk vil difor fortsette utover i 2021. Som følge av pandemien har det vore naudsynt for tenestene å ha full fokus på smitteverntiltak og beredskap framfor “ordinær” tenesteutvikling og sentrale føringar og forventningar.

Nokre av dei tiltaka som er gjennomført som “koronatiltak” i 2020, og som vil bli vidareført i 2021er blant anna:

- Etablering av isolat ved Heddeli i samarbeid med Kviteseid kommune. Det er tilrettelagt for 7 senger for pasientar som treng heildøgns pleie og omsorg, og som samstundes har Covid-19.
- Etablering av permanent smittemottak og teststasjon ved helsesenteret.
- Etablering av eit større lager for personleg smittevernutstyr (PSVU) ved Heddeli. Frå 1. januar 2021 skal kommunen ha eit lager for 6 månaders bruk, samt 2 månaders bruk i bestilling. Kommunen har også fått sydd fleirgangsfrakkar med god hjelp av frivilligsentralen og flyktning tenesta.
- Auka bemanning på helsesenteret med ei 100 % stilling som sjukepleiar, 20 % stilling som helsesekretær for å handtere ei auka pågang og mange telefonar og testing ut juni 2021.
- Auka med eit legeårsverk fram til sommaren 2021 for å ivareta det auka presset på legane og kommuneoverlegen.

I budsjett for 2021 har det ikkje vore rom for å legge inn tiltak i tråd med dei varsla behova frå tenestene. Tenestene har varsla behov for fleire årsverk, både ved sjukeheimen, bu- og servicesentera, legetenesta, fysioterapitenesta og teneste for funksjonshemma. I tillegg ligg det mange tiltak knytt til fornying av utstyr m.m som ikkje er tatt med.

Ansvar 300 – Kommunalsjef – helse og omsorg

Under ansvar 300 ligg tiltak og fellestenester som gjeld for heile helse- og omsorg. Det kan blant anna vere planlagde opplæringstiltak og kompetansemiddel. Frå 2021 er kostnader knytt til oppfølging av alkohollova og skjenkeløyve lagt under dette ansvaret. Oppgåvene og ansvaret er flytt frå ansvar 332 Psykisk helse og rus. Det omfattar ei 10 % stilling til oppfølging av skjenkeløyve, gjennomføring av kurs og liknande. For 2021 vil det vere naudsynt å leige inn ein fagperson på timebasis for å kunne ivareta kommunen sine lovpålagte oppgåver.

Ansvar 303 – Psykolog

Faste årsverk 2020	Faste årsverk 2021
2	2

Frå 2020 har det vore tilsett to psykologar for kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke, Nissedal, og Fyresdal. Seljord kommune er vertskommune for psykologane, og dei har sin kontorstad i dei nye lokala på kommunehuset (gamle Nav).

Sidan det har tatt noko tid før begge psykologane har kome på plass, så har det ikkje vore mogleg å bruke opp tilskota som Fylkesmannen har gitt. I 2020 fekk kommunen nytta tilskota fullt ut for éin psykolog, medan det berre vert nytta tilskot i 5 månadar for den sist tilsette psykologen. Det vil seie at det vert overført tilskot for 5 månadar til 2021 (om Fylkesmannen tillèt det). Om det vert godkjent å nytte tilskota i 2021, vert lønskostnadane redusert med kr 166.667 i 2021.

Ansvar 305 – Samhandlingskoordinator

Faste årsverk 2020	Faste årsverk 2021
1	1

Samhandlingskoordinatoren er felles for heile Vest-Telemark og vert finansiert som eit spleiselag mellom STHF og kommunane i Vest-Telemark. Frå 2018 har Seljord kommune hatt arbeidsgjevaransvaret.

Ansvar 310 – Legetenester

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
9,81	9,96

Legetenester omfattar drift av legeteneste og støttefunksjonar. Kommunen har totalt 4,8 legeårsverk, men på grunn av permisjonar er det faktiske talet 4,6 stillingar i 2021. I tillegg har kommunen 2 årsverk for LIS 1 legar (tidlegare turnuslege). Dei andre faste årsverka er einingsleiar i 0,45 årsverk, sjukepleiarar i 2,18 årsverk og helsesekretærar i 0,8 årsverk. I tillegg kjem årsverk i engasjement som er knytt til prosjektet Primærhelseteam (PHT) på 1,3 årsverk. Årsaka til auke i årsverk frå 2020 er at det vert heilårseffekt av at permisjonen til kommuneoverlegen er over.

Prosjektet primærhelseteam starta opp i april 2018 og kjem til å vare ut mars 2023. Kommunen deltek på driftstilskotmodellen. Det vil seie at kommunen får eit årleg prosjekttilskot samt driftstilskot kvar månad. Driftstilskotmodellen basera seg på talet på innbyggjarar på legane sine lister, eigenskapar ved innbyggjarane, eit kvalitetsbasert tilskot, og eigenandelar frå pasientar. Prosjektet gjev ei meirinntekt til kommunen på ca. 1.5 mill. kr for 2021.

Prosjekttilskotet er øyremerkt drift av prosjektet. Frå 2021 vert 0,2 årsverk av kommuneoverlegen og einingsleiar si stilling dekt av middel frå prosjekttilskotet.

Koronasituasjonen har ført til ei auke i arbeidsbelastninga for alt personell ved helsesenteret. Det er naudsynt å dele personalet i team for å ivareta smittevernet og beredskapen. I tillegg har kommuneoverlegen behov for tid til å ivareta smittevernet. I tillegg er det naudsynt med ekstra fokus på reinhald og hygiene. Det er difor vore innført fleire tiltak som har vore kostnadsdrivande i 2020, og dette er tiltak som vert vidareført i 2021. Det er blant anna å styrke med eit legeårsverk fram til sommaren 2021, samt ein 100 % stilling som sjukepleiar. I tillegg har det vore naudsynt å auke sekretærfunksjonen med 20 % i ein periode.

Smitteverntiltaka som er knytt til styrking av bemanninga, og som ligg i budsjett no, varar ut juni 2021. Det er mykje sannsynleg at nokre eller alle tiltaka må vidareførast ut 2021 om smittesituasjonen fortsett uforandra.

Tenesta har meldt inn behov for å fornye stolar fordi dei gjev skade på dei tilsette. Det er lagt inn i konsekvensjustert budsjett for 2021.

Legetenesta er eit av dei områda kor det har vore forsøkt å få til eit interkommunalt samarbeid knytt til ferieavvikling om sommaren det siste året, utan at det har lykkast. Det kan vere både faglege og økonomiske fordeler med eit tettare samarbeid med nabokommunar om denne tenesta. Det er i så fall noko som må undersøkast nærare i kommande år.

Ansvar 311 – Fysioterapiteneste

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
2,05	2,25

Kommunefysioterapeutane arbeider på fleire felt, både når det gjeld barn, unge og eldre som treng trening, rehabilitering, råd og rettleiing. Kommunefysioterapeuten er viktig når det gjeld tildeling av hjelpemiddel, og har i viktige formidlings- og rettleiingsoppgåver.

Det vart i budsjett for 2020 auka med 20 % ergoterapi frå desember 2020. Det er ikkje tilsett nokon i stillinga, men det vert jobba med eit interkommunalt samarbeid. Kommunen har som tidlegare 2 faste årsverk og ei driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut.

Det er behov for auka ressursar innan rehabilitering og velferdsteknologi i kommunen, og der er fysioterapi- og ergoterapikompetansen viktig. Det er ikkje lagt inn noko auke i budsjett for 2021 utover det som allereie ligg inne, inklusiv 20 % stilling til ergoterapeut. Det er heilt naudsynt å få til eit samarbeid om ergoterapeutstillinga då det er lite sannsynleg at nokon med fagkompetanse vil søke på ein så liten stilling.

Kommunen mottar fastlønstilskot for dei kommunale fysioterapeutane på drygt 400.000 kr i 2021 . Privatpraktiserande fysioterapeut mottar årleg driftstilskot frå kommunen. Driftstilskotets storleik vert fastsett sentralt med mindre årlege justeringar.

Tenesta har varsla behov for å byte ut mykje utstyr. Det har ikkje vore rom for å legge dette inn i budsjett for 2021.

Ansvar 312 – Helsestasjon

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
2,05	2,05

Kommunen har 2 årsverk som helsesjukepleiar, samt ei engasjementstilling i 70 % som vert finansiert ved tilskotsmiddel frå Fylkesmannen. Det er eit ønske om å vidareføre prosjektet også i 2021, noko som er avhengig av eksterne middel.

I 2018 vart jordmortenesta lagt til Vinje kommune i eit interkommunalt samarbeid. Seljord får jordmortenester frå den interkommunale tenesta, og tenesta dekkjer både kommunale oppgåver og jordmorberedskapen. For budsjett 2021 er det lagt inn ein kostnad på 750.000 kr.

Tenesta har varsla behov for å byte ut mykje utstyr. Det har ikkje vore rom for å legge dette inn i budsjett for 2021.

Ansvar 313 - Drift helsesenter

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
0,7	0

Budsjettet omfattar reinhald og andre driftskostnader knytt til helsesenteret (straum, eigedomsavgifter), og er i hovudsak ei vidareføring av budsjettet frå tidlegare år. Frå 2021 er reinhaldsressursen lagt til ei felles reinhaldsavdeling under programområdet 1.

Ansvar 315 – Legevakt

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
2,23	2,24

Seljord og Kviteseid har felles legevakt frå kl. 15:30 og til kl. 23.00 på kvardagar, og frå 08:00 til kl. 23:00 i helger. Nattevakt er frå 2020 lagt til Notodden interkommunale legevakt. Kostnaden med å ha legevakt på natt i 2020 for begge kommunane var på 1.675.000 kr. Prisen vert regulert årleg til å vere 10,5 % av Notodden sitt netto driftsbudsjett for legevakt. Seljord sin kostnad knytt til legevakt på natt vil vere drygt 1. mill. kroner i 2021.

Under ansvar 311 er det tilsett sjukepleiarar i 2,24 årsverk, inkludert leiing på 0,3 årsverk. I tillegg ligg det inne løn til legane som tek legevakt på timebasis. Kostnaden for legevakt vert fordelt mellom Seljord og Kviteseid kommune.

For budsjett 2020 vart det vurdert å flytte legevakt til Notodden, noko som ville gje ei innsparing for Seljord kommune. Dette vart undersøkt då kommunen gjekk inn for legevakt på natt på Notodden i 2019. Tiltaket vart ikkje teke med i budsjett for 2020 då det vart vurdert å vere til stor ulempe for innbyggjarane, og det er heller ikkje vurdert for 2021. Med opninga av Mælefjelltunellen er reisetida til Notodden redusert, noko som gjer at ulempa er mindre. Det vil seie at kommunen bør vurdere om det kan vere eit godt nok tilbod å ha heile legevakta på Notodden i kommande år. Det vert viktig å sjå på både økonomiske og faglege konsekvensar.

Ansvar 321 – Barnevernstenesta

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
3,6	3,6

Barnevernstenesta er organisert gjennom eit samarbeid mellom alle kommunane i VT med Kviteseid som vertskommune. Kviteseid kommune har for 2021 eit forslag til budsjett som ligg 466.700 kr over nivået for 2020. Auka er i hovudsak knytt til fleire tiltak utanfor familien, samt noko på administrasjon.

I 2022 kjem barnevernsreforma som fører til at mange av dei statlege tenestene vert overført til det kommunale barnevernet. Det vil gje ei stor auke i kostnaden for drift av barnevern, noko som skal finansierast over rammtilskotet til kommunane. Reforma fører til at kommunane må fullfinansiere alle plasseringar i fosterheim, samt at eigenandelen på plassering i institusjon aukar kraftig. Eigenandelen for plassering i institusjon er i dag på 74.000 kr pr./mnd, men vil kunne auke til 200.000 kr pr./mnd frå 2022. For å kunne møte dei nye oppgåvene og krava i barnevernsreforma er *Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark* med i ei regionalt prosjekt saman med barnevernet i Aust- og Midt-Telemark. Prosjekta er finansiert ved hjelp av tilskotsmiddel.

KOSTRA-funksjon	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Endring 2020/2021
Administrasjon	2.478.432	2.625.000	146.568
Tiltak i familien	1.525.748	1.525.000	-748
Tiltak utanfor familien	1.719.120	2.040.000	320.000
Sum	5.723.300	6.190.000	466.700

Ansvar 330 – Tenestekontoret

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
2,8	1,8

Tenestekontoret er mellom anna tillagt ansvaret for saksbehandling av alle søknader om tenester innanfor pleie- og omsorgstenesta. Tenestekontoret har i tillegg ansvar for systemarbeid knytt til individuell plan, dagleg koordinering av tenester og flyt av pasientar mellom sjukehus og dei ulike delar av tiltakskjeda innanfor kommunen sine omsorgstenester. Frå 2021 er Tenestekontoret flytt ut frå sjukeheimen og er å finne ved kommunehuset. I samband med flyttinga vart den merkantile ressursen verande igjen ved sjukeheimen, og er flytt til ansvar 333 Institusjon. Oversikta over årsverk viser difor ein nedgang for ansvar 330.

Ansvar 331 – Heimetenester

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
17,47	17,37

Heimetenestene, og særleg heimesjukepleia er under stadig press fordi behovet for tenester aukar. Stadig sjukare pasientar vert overført til kommunen frå sjukehuset, og dei fleste skal vere i eigen heim. Det kan vere aktuelt med besøk frå heimesjukepleia både 6-8 gonger i døgnet, noko som krev ein del ressursar. Det har ikkje vore auka ressursar i heimetenesta dei siste året, sjølv om presset har auka. Resultatet er at dei tilsette strekker seg langt, og no er signala frå tenesta at det ikkje er mykje meir å hente.

Presset på tenesta har vore høgt over fleire år og det vil vere naudsynt å auke ressursane i økonomiplanperioden. Tenesta har sjølv varsla behov for å auke fleire årsverk for komande år, men det er ikkje vore rom for denne auka i budsjettet for 2021. Presset vert særleg høgt når det ikkje er nok sjukeheimplassar, og det å leige plassar i andre kommunar er difor eit heil naudsynt tiltak i kommande år.

Heimetenester gjev tilbod om heimesjukepleie, heimehjelp og praktisk bistand i brukarens eigen heim og kommunens bu- og servicesentera. Heimesjukepleia er organisert i ulike team, der eit av teama har særleg fokus på kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabilitering er eit viktig tiltak for å gjere brukarar meir sjølvhjelpne og trygge i eigen heim. Dette er viktig for å kunne dempe det store presset som er på kommunens sjukeheimplassar.

I tillegg til ordinær drift må tenesta jobbe med digitalisering i åra som kjem. Kommunen har fått på plass mobil omsorg, og vil i 2021 har særleg fokus på velferdsteknologi som digitale medisindispensarar og digitalt tilsyn. I tillegg er det fokus på å få på plass Digihelse som dreier seg om å styrke samarbeidet mellom tenestemottakar, pårørande og tilsette i heimetenesta.

Velferdsteknologi er i mange år peika på som løysinga for å møte dei auka behovet for omsorgstenester i åra som kjem. Det er ingen tvil om at teknologien kan betre kvaliteten og redusere nokre besøk, men den gjev og auka kostnader for dei ulike lisensane kommunen må ha. Kostnaden kan og bli mindre. Digitale tryggleiksalarmar vert billigare for kommunen å leige, og dermed vert det redusert brukarbetaling for innbyggjarane i 2021. Ein annan sak er at når velferdsteknologi vert rekna som helsehjelp, og skal erstatte eit besøk, så er det ikkje mogleg for kommunen å legge på brukarbetaling.

Sidan ombygginga på Heddeli vert utsett, må kommunen leige lokale til hjelpemiddel også i 2021.

Ansvar 332 – Psykisk helse og rus

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
6,7	5,7

Tenesta for psykisk helse og rus gir ulike tilbod, med oppfølging av både vaksne, ungdommar og born. Frå 2021 vert også oppgåva med å vere SLT koordinator (SLT=Samordning av kriminalførebyggjande tiltak) lagt til tenesta. I tillegg vert oppgåvene knytt til oppfølging av alkohollova flytta til ansvar 300.

I økonomiplanperioden frå 2019 er det lagt opp til ein reduksjon i årsverk på 1,25. I overgangen frå 2019 til 2020 vart det lagt inn ein reduksjon på 0,25 årsverk. Frå 2020 til 2021 vert det redusert med 1 årsverk. I løpet av 2020 vart det gjort eit politisk vedtak om å etablere ein SLT koordinator i 0,3 årsverk. Det vil seie at 0,3 av eit årsverk i psykisk helse og rus gjeng til ei stilling som vil vere ein ressurs for både helsetenesta og oppvekst.

Tenesta har varsla at det er behov for å auke ressursane i tenesta, særleg sidan SLT stillinga vert lagt til tenesta utan at det vert gjort ei auke i årsverk, noko som i realiteten gjev ein nedgang i ressursar til fagområdet psykisk helse og rus.

Tenesta har varsla behov for fleire ressursar og byte ut inventar som det ikkje har vore rom for å legge inn i budsjett 2021.

Ansvar 333 – Sjukeheimen

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
35,67	33,89

Det er gjort endringar i organiseringa ved sjukeheimen ved at alle dei tilsette som jobbar med reinhald og vaskeri frå 2021 er overført til eigen reinhaldsavdeling under programområdet 1. Det er til saman flytt 2,78 årsverk. I tillegg er det flytta eit årsverk frå tenestekontoret til sjukeheimen, noko som gjev ei endring på 1,78 årsverk. Det er ikkje planlagt noko reduksjon i årsverk i 2021.

I budsjett for 2021 er det ikkje prosjektmiddel til drift av rehabiliteringsprosjektet og tilbodet må vidareførast i drift. Det har ikkje vore mogleg å styrke dette tilbodet i budsjett for 2021.

Det er varsla om behov for å skifte ut noko inventar og madrassar ved sjukeheimen. Det er tatt høgde for noko av desse tiltaka i budsjett for 2021. Det er over lang tid varsla behov for ei større utskifting av møblar ved sjukeheimen. Dette er ein større kostnad som det ikkje er lagt inn midlar til i budsjett for 2021.

Det er framleis ikkje innført stille sjukesignalanlegg ved sjukeheimen. Kostnadane ved omlegginga var høgare enn forventa, noko som har ført til at det framleis står som uløyst. Det er eit ønske å få dette på plass i løpet av 2021. Dette tiltaket er tatt med i budsjett for 2021.

I tillegg er det naudsynt å få på plass elektroniske tilgangskontroll, både til bygget og til pasientromma inne på skjerma avdeling. Dette er tiltak som vil ha direkte innverknad på tidsbruken til personalet. Særleg under koronapandemien har det vore utfordrande å ha nok personell til å handtere besøkande og trafikk ut og inn av sjukeheimen. Elektronisk tilgangskontroll vil kunne lette dette arbeidet i stor grad.

Framskrivingstal frå SSB over eldrepopulasjonen i Seljord syner at det vil bli ei markant auke i talet på eldre over 80 år frå 2025. Denne utviklinga vil truleg skape behov for ytterlegare opptrapping av talet på sjukeheimplassar. Utfordringsnotatet frå Telemarksforsking viser at det vil vere behov for 62 nye plassar for heildøgns omsorg i 2040. Det er mogleg at Seljord kommune skal velje ein annan strategi for å møte dei kommande utfordringane, men det er liten tvil om at kommunen vil trenge nokre fleire plassar. Dette er noko kommunen merkar allereie i dag.

Ei av dei største kostnadsdrivande tiltaka innan helse og omsorg som ligg inne i budsjett for 2021 er leige av sjukeheimplassar i nabokommunane. Det er lagt inn ei auke på 1.594.000 kr for leige av to plassar i deler av 2021.

Tenesta har varsla behov for auke i ressursar, både til utstyr og personell. Det har ikkje vore rom for å legge inn noko auke av årsverk i budsjett for 2021.

Ansvar 334 – Nestunet bukollektiv og dagsenter

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2020
7,67	7,79

Nestunet bukollektiv og dagsenter består av to delar, eit bukollektiv og eit dagsenter. Det vil seie at dei som bur i bukollektivet i utgangspunktet har alt sitt tilbod i bukollektivet. Det er 9 plassar til heildøgns pleie og omsorg i bukollektivet. Dagsenteret er i hovudsak for heimebuande personar, primært for heimebuande personar med demens/kognitiv svikt. Tilbodet kan blant anna vere ein del av eit avlastningstilbod for pårørande. Tilbodet ved dagsenteret har vore redusert under koronapandemien, men var tilbake i ordinær drift frå hausten 2020.

Auka i årsverk som kjem fram i oversikten for ansvar 334 omfattar i hovudsak fordelinga av einingsleiar sin ressurs på alle ansvara.

Frå 2020 er det lovpålagt å ha eit dagtilbod til heimebuande personar med demens. Tilbodet ved dagsenteret skal vere eit godt tilbod for den enkelte, samtidig som det skal fungere som avlastning i kvardagen for dei som har omsorg for familie med demens/kognitiv svikt.

Det er ikkje gjort store budsjettmessige endringar for Nestunet i 2021, men det er lagt inn ei auke i utgifter til transportmiddel då det er naudsynt med ein minibuss for å hente og bringe brukarar til dagsenteret.

Frå 2021 er brukarbetalinga auke i tråd med plan frå 2018. Det vil seie at brukarbetaling full sats vil vere på 12.149 kr pr/mnd frå 2021. I dei kommande åra vil satsen bli regulert etter pris- og lønsauke.

Ansvar 335 - Steinmoen bu- og servicesenter

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
4,99	4,99

Ved Steinmoen bu- og servicesenter er det 9 rom, og 10 plassar. Den eine bustaden er for eit par, men det er ikkje mogleg å budsjetterer for meir enn 9 plassar då det oftast bur berre éin i bustaden. Det er ei utfordring at det er naudsynt å gå ut for å komme til fellesareala, noko som gjer at den eine bustaden ikkje er like egna som dei andre bustadane.

Det er ikkje gjort store budsjettmessige endringar for 2021. Tenesta har varsla behov for auke av ressursar, då til fleire stillingar. Det er lite med eit person på jobb når bebuarane vert meir hjelpetrengande. Det er ikkje funne rom til å auke ressursane for 2021, men det må gjerast tiltak innafor økonomiplanperioden.

Frå 2021 er brukarbetalinga auke i tråd med plan frå 2018. Det vil seie at brukarbetaling full sats vil vere på 10.649 kr pr/mnd frå 2021. I dei kommande åra vil satsen bli regulert etter pris- og lønsauke.

Ansvar 336 – Omsorgsbustader

Husleiga er justert etter konsumprisindeksen. Omsorgsbustadene omfattar både Moentunet, Heddeditunet og bustader for eldre. Det er lagt opp til ein dekningsprosent på 80 % for 2021. Frå og med sommaren 2020 er alle bustadane ved Moentunet til utleige. Det vil seie at den bustaden som er nytta som kontor i noko tid, er tilbakeført til ordinær utleigebustad.

Ansvar 337 – Teneste for funksjonshemma

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
13,02	13,31

Avdelinga omfattar omsorgsbustader med heildøgns pleie og omsorg for personar med funksjonsnedsetting. Heddeditunet har i alt 11 bustader. 6 av bustadane er ”inne” i nærleiken av personalbasen og fellesarealet. Den eine vert nytta til avlastning på helg for to personar, og kommunen får dermed ikkje leigeinntekter på denne. Det er i alt 13 brukarar, der 3 av dei bur i eigne heimar andre stader i kommunen.

For 2021 er det igjen lagt inn ei lita auke i årsverk. Tenesta har tatt grep for å få utnytte årsverka best mogleg, men på grunn av nye brukarar vil det vere naudsynt å auke årsverk i 2021. Tenesta har fortsett 12-timars vakter på helg. Hausten 2020 er det gjort tiltak for å klargjere tunet til ein ny bebuar som flyttar inn i 2021. Det har blant anna ført til røkeringar i bustadane.

Tenesta har ansvar for drift av Aktivitetssenter som leiger lokale i bygningane til DPS – Seljord. På grunn av forseinkinga i rehabiliteringa av Heddeli vil det vere naudsynt å leige lokale ved DPS også i 2021.

10 % av stillinga til einingsleiar er øyremerkt koordinatorrolla for Folkehelse, noko som vil vere uendra i 2021.

Ansvar 338 – Produksjonskjøkken

Fast årsverk 2020	Fast årsverk 2021
1,6	1,6

Produksjonskjøkken produserer varm mat til sjukeheimen, bu- og servicesentra i kommunen (ikkje Heddelitunet) og heimebuande.

Kostnadene og årsverka ved produksjonskjøkkenet vert regulert av avtale med Dyrsku'n. Dei tilsette har sitt daglege virke på produksjonskjøkkenet som ligg på Dyrsakuplassen. Tenesta er organisert under einingsleiar for institusjon.

Det er ikkje lagt inn store budsjettmessige endringar for budsjett 2021.

Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift

Innleiing

2020 har vore eit år med høg aktivitet. Det gjennomførast store samferdselsprosjekt i kommunen. Mælefjelltunnelen opna vinteren 2019/20 og rv 36 har fått feridgstilt ein parsellen og opna ein flott rasteplass ved Stodi. Seljord kommune haustar av statens satsingar og har gjennom prosjekt opplevingsvegen fått på plass god stads utvikling og attraksjonar i Flatdal/Svartdal. Det skjer mykje på planleggingssida, der rullering av kommuneplanens arealdel står sentralt. Saman med detaljregulering av Sinnesodden vil nye arealplanar leggje til rette for ynskja vekst i heile kommunen. Det er og utfordringar som ein ikkje klarar å møte med rådmannen framlegg til budsjett og økonomiplan; kommunen har eit formidabelt etterslep på vedlikehald når det gjeld kommunal infrastruktur som vegar/bruer og kommunal eigedom.

For budsjettåret 2020 blei det synleggjort fleire moglege kuttforslag i oppgåve/tiltak som ikkje er kategorisert som lovpålagde. Nokre av desse blei vedteke, men dei aller fleste blei gjennom den politiske handsaminga vidareført i drifta. Rådmannen har ikkje funne andre område der ein kan redusere drifta ein dei som vart føreslege ved fjorårets budsjett framlegg.

Gebyrområde/sjølvkost: VARF-området (vatn, avløp, renovasjon og feiing) er forslag til gebyr satt etter eit sjølvkostgrunnlag på 100%. Det er i utrekning av sjølvkost henta inn framførbart underskot slik at gebyrsatsane aukar monaleg for 2021. Noko av årsaka ligg og på større investeringar som ligg i åra framover innafor vatn og avløp. For byggesak og oppmåling er ny modell lagt opp slik at desse områda også skal ha ein sjølvkostgrunnlag som baserer seg på

100% sjølvkostinndekning. Det er vidare lagt opp til maksimal sats for handsaming etter jordlova og fellingsgebyr på vilt.

Eigedomsdrifta til kommunen er no auka med ein ekstra stilling og etterslepet på bygningar er tatt ned noko. Det har og vore til stor hjelp at ein fekk ekstra midlar til auka vedlikehald frå staten i koronakompensasjon. Med omlag 30.000 m² bygningsmasse av varierende årstal er det er formidabel oppgåve og forvalte, vedlikehalde, drifte og utvikle den samla kommunale eigedomsporteføljen.

Skulebygga er alle bygd i perioden frå 1960 til 2000. Der hovudtyngda av bygningane vart oppført i 60 og 70 åra. Med påbygg i mindre og større grad fram til år 2000. I ein rapport utarbeida i 2018 er det stipulera ein kostnad på 5 084 500,- i tiltak over ein 10 års periode, for utbetringar av diverse feil og manglar. Ein må sjølvklart ta høgde for andre vedlikehaldsutgifter i tillegg til dei ca. 5,1 mill det vil koste å utbetre 10 års tiltaka.

Seljord kommune har etter forhandling med SVV fått til ein avtale om overtaking av eigdommen Flatin deponi, det blei i møte 4.11.2019 avklart at endeleg overtaking fyrst kan skje hausten 2020. Dette grunna at det skal gjennomførast ei jordskiftesak for å endeleg fastsette eigedomsgrenser og for å avklare bruksordning til veglag. Etter at Stanes vegvesen har gjennomført taksering er prisen på eigdommen satt til kr 200.000,-. Kjøp av eigdommen er llagt ved som ei investering i rådmannen s framlegg til investeringsbudsjett. Kva ei eventuell omregulering vil koste veit vi p.t ikkje, ei heller kva for framtidige inntekter eigdommen kan generer for kommunen. Det kjem heilt ann på kva for driftsform/selskapsform ein opprettar når eigdommen er erverva. .

Ansvar 410 – Plan og utvikling

Budsjettet omfattar 40 % konsulent/rådgjevarstilling, Det må leigast inn noko vikar for kommunalsjefen i perioden fram til mai.

Ansvar 411 – Landbruk og miljø

Løn og driftsmidlar til landbruksrådgjevar og natur- og miljørådgjevar. Kommunestyret har disponert ein budsjettpost på kr 200.000 i tilskot til landbruksføremaal frå Næringsfond. Kr 54.000 er vidareført til det store vassforvaltningsplanarbeidet for Midtre Telemark vassområde. 150.000 kr til bygdevertordninga er lagt til dette ansvaret.

Ansvar 440 – Kultur og næring

Budsjettet omfattar løn og driftsmidlar til kultur- og næringssjef, bibliotek og badevakt på symjehallen. Ansvarsområde omfattar fleire budsjettpostar som er fordela på tenestene innafor ungdomsarbeid, idrett, friluftsliv, frivillig arbeid, nærings- og utviklingsarbeid, bibliotek og symjehall. Vidare er det større og mindre tilskotpostar knytt til kulturarrangement, tilskot til drift av Vest-Telemark Museum og Seljord kunstforeining.

Som ein konsekvens av forslag til statsbudsjett har ein lagt opp til ei kommunal overføring på kr 150.000,- til friviljugsentralen, korrigert for kr 411.000 som utgjer statens bidrag som frå i år utbetalast direkte frå staten til friviljugsentralen.

Næringsfond I disponering i budsjett 2021

Konto	Ans	Teneste	Kontonamn	Bruk i ramma	2020	2021
19501	110	8800	Næringsfond I	Gjeld/avdrag	Kr 732.000	Kr 212.000
19501	410	3252	Næringsfond I	Summen gjeng til planhandsaming / samfunnsutvikling.	Kr 300.000	Kr 300.000
19501	411	3255	Næringsfond I	Tilskot til andre i landbruk/næring	Kr 100.000	Kr 200.000
19501	440	3250	Næringsfond I	Lønn næringssjef (50% stilling) inkl. sosiale utgifter	Kr 427.500	Kr 427.500
19501	440	3252	Næringsfond I	Bruken er lista opp i tabell på neste side	Kr 381.500	Kr 1.054.500
Totalt for Næringsfond i budsjett					Kr 1.941.000	Kr 2.194.000
Til disposisjon for programområde 4					Kr 1.209.000	Kr 1.982.000
Bruk av Næringsfond I					2020	2021
Møtestad Seljord					Kr 0	Kr 473.000
Tilskot til næringsføremål (nye i 2020)					Kr 274.500	Kr 344.500
Kommunens eigendel til Visit Telemark					Kr 35.000	Kr 145.000
Medlemskontingent Telemarksvegen					Kr 0	Kr 35.000
Tilskot Vandre Telemark					Kr 25.000	Kr 0
Marknadsføring/ infotavler					Kr. 47.000	Kr 57.000
Totalt					Kr 381.500	Kr 1.054.500

Ansvar 500 – Avdelingskontor teknisk

Lønnsmidlar til ingeniør kommunalteknikk og eigedomsforvaltning. Ein ser klart behov for ein stilling/ressurs som kan handtere bustadforvaltninga betre. Minske tap av inntekter, leigekontraktar samt førebygge skadeverk er den delen av eigedomsforvaltninga som er lagt til dette ansvaret, men for å kunne koordinere tenestene betre også opp i møte kommunens øvrige tenester så kunne det vore nyttig å ha ein bustadkoordinator. Det er ikkje funne rom for slik ressurs i budsjett og økonomiplanperioden.

Ansvar 510 – Vedlikehaldsavdeling

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til vaktmeistrar og fagarbeidarar, samt delar av avdelingsleiarstilling drift. Vidare kostnader til drift og vedlikehald av bilar, maskiner og utstyr, samt kostnader til vedlikehald av kommunale bygningar og utstyr. Kostnader til utstyr aukar etter som utstyret blir eldre, og fleire av dei nyare kommunale bygningane har mykje teknisk utstyr som må vera i orden for at bygget skal fungere (varmepumper, ventilasjonsanlegg mm.). Det er eit stadig aukande etterslep på vedlikehald på fleire av dei kommunale bygga. Skulane er dei som har størst trong for eit auka vedlikehald, og Seljord ungdomsskule og Flatdal skule har flest utfordringar. Kjøkken på Nesbukt bør skiftast ut, kostnaden for dette er på omlag 300.000 kr. Driftsavdelinga kan ikkje ta slik stor post på vedlikehaldsbudsjettet, og fyre ein bytter kjøkken bør det vurderast om matlaging/ servering av mat skal sjåast på i samband med helse og omsorgsplan.

Ansvar 520 – Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling

Budsjettet er vidareføring av driftsnivået for 2020, og omfattar løns- og driftsmidlar til plan- og byggesakshandsaming og oppmåling/kartverk samt tinglysingsgebyr. Inntekter er gebyr etter Plan- og bygningslova (gebyr for byggesak, private reguleringsplanar og oppmålingsgebyr). Gebyr er satt etter sjølvkostkalkyle på 100% dekningsgrad innafor desse tenestene. Erfaringsmessig ser ein at budsjettert inntekt på dette ansvarsområde, med dei store variasjonane i byggeaktivitet for kvart år, er vanskeleg å nå. Ein har difor valt å vere moderat når ein har budsjettert med inntekter og gebyrsatsane er ikkje høgda tilsvarende det sjølvkostnotatet frå Envidan Momentum legg opp til. Resultatet på sjølvkosten vil nok ligge nærare 80% ein 100%. Det er vurdert at det må utarbeidast ein ny sjølvkostmodell for dette gebyrområdet, og arbeidet skal starte i 2021.

Ansvar 530 – Kommunale vegar

Budsjettet omfattar utgifter til drift og vedlikehald av kommunale vegar og vegljøs, der nær halvparten blir bruka på vinter-vedlikehald (snøbrøyting og strøing). Dei siste 5 åra har budsjett for vintervedlikehald vore for lågt. Det har vore eit meirforbruk som ein ikkje har kunne dekkja innafor ramma. For å få eit reelt budsjett tal er difor vintervedlikehaldet auka med 1.million kr ,- pr. år. Det er vurdert at ein kan gå ned på standard når det gjeld brøyting, men det vil få konsekvensar. Kva for standard og kva for ordning ein skal ha må ein sjå på når ein skal utarbeida nye brøytekontraktar innan hausten 2021.

10 % går til drift og vedlikehald av vegljøs. For å oppretthalde dagens standard og for å komme a jour med vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar og bruer bør vedlikehaldsposten auke. Det er ikkje funnet rom for denne auka i inneverande økonomiplanperiode.

Vedlikehald av vegar og bruer blir gjennomført etter tilråding frå samfunnsutvalet, men det må understrekast at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar satt av for å møte det naudsynte vedlikehaldet som bør gjennomførast i løpet av økonomiplanperioden. Etterslepet blir berre større for kvart år. Etter eit grovt estimert prisoverslag vil kostnaden for reasfaltering på kommunal veg og G/S veg utgjere ca. kr: 30.000.000,-. Vedlikehald av grusveg, bruer og stikkrenner/grøfterensk kjem i tillegg.

G/S veg og fortau

Strekning	Lengde i meter	Estimert kostnad
Brøløvsvegen, Vallar bru til Dyrsku krysset	2190	775 260
Nordbygdi frå Dyrskukrysset	1370	489 090
Ingrid Slettens veg	652	232 764
Nyveg	750	267 750
Vekanvegen	356	127 092
Gullnesvegen	804	287 028
Jakob Nadlands Veg	600	214 200
Gravshaugvegen	273	97 461
Lomodokki (nesvegen - Banken)	160	57 120
Gamle Gullnesveg	723	258 111
Totalt		2 805 876

Seljord sentrum

Vegstrekning	Lengde i meter	Estimert kostnad
Brøløvsvegen/Nordbygdivegen	4870	2 895 215
Brøløvsvegen- Eventyrøy m/snuplass	483	287 144
Prestegardsvegen	1495	888 778
Kapt.gt.-Nesv. m/fort.-Moenv.-Moganv.-GS v. mot Ingr.Sl. v.	1253	744 908
Borgenvegen	100	59 450
Ingrid Slettens veg m/kryss	650	386 425
GS veg Ingrid Slettens veg	578	343 621
Vekanvegen m/fortaug	350	208 075
Steinsrudvegen m/fortaug og snuplass	350	208 075
Sterkenilsvegen m/fortaug	126	74907
GS veg K.huset - Granvin - Telesenteret - Funnemark	350	208 075
Nyveg m/fortaug samt gangbro og snuplass	750	445 875
Trongkleivegen-.Selsvegen-Råmundsv-Flatdalsv.96	1338	795 441
Mosasida 38 (renseanlegget) veg og plass	210	124 845
Skipperbakken til kanalen.	210	124 845
Gullnesvegen til kryss Tresland inkl. fortaug	5030	2 990 335
Jakob Naadl.veg/Storgård m/snuplassar	1950	1 159 275
Gravshaugv. m/sidev.og fortaug. Tussejuv	1700	1 010 650
Tømmeråsv. m/sidevegar og snuplassar	2190	1 301 955
Bringsåsv. m/sidev. og GS vegar.	754	448 253
Gamle Gullnesveg m/kryss	715	425 068
Veg høgdebasseng Bringsås	55	32 698
Totalt		15 163 913

Flatdal

Vegstrekning	Lengde i meter	Estimert kostnad
Flatdalsbyen til Speiklandkrysset.	1135	674 757
Åslandsvegen	280	166 460
Sundbøhaugv., Elgf., Gloms veg, Bjørkesv.	1593	947 039
Veg renseanlegget	150	44 587
Svartdalsvegen	5150	3 061 675
Natadalsvegen	1895	1 126 598
Århus	640	187 548
Totalt		6 208 664

Åmotsdal, Brekkegrendi og Hei

Vegstrekning	Lengde i meter	Estimert kostnad
Rønjomgrendi	820	487 490
Bergevegen	415	246 714
Sudbøvegen Åmotsdal -Rinde	2200	1 307 900
Brekkegrendvegen	2720	1 617 040
Heivegen	2878	1 710 971
Totalt		5 370 115

Ansvar 540 – Brann- og feiarvesen

Budsjettet omfattar utgifter til feietenesta i kommunen (via Vest-Telemark Brannvesen) og løns- og driftsutgifter til brannvesenet. Utgifter til feiing blir dekt av feie- og tilsynsgebyr. Dei største postane til brannvesenet er løn, ein større avgift til 110-sentralen samt avgift til Vest-Telemark brannvesen for førebyggjande avdeling og feiing.

Ansvar 550 – Vatn

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 4 kommunale vassverk (produksjon og distribusjon), samt ytre anlegg. Kostnaden for drift av nye Seljord vassverk er høgare ein tidligare estimert grunna meir forbruk av kjemikalie, samt auka behov for driftsoperatørressurs. Det er undertekna serviceavtale med Pentair som gjer auka kostnad på drift. Dei andre postane er utgifter til løn, kontroll og analysing av drikkevatnet og straum. Grunna fleire større investeringar innafor området ser ein at avgiftene aukar i perioden.

Ansvar 551 – Avløp

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 3 kommunale reinseanlegg (innsamling og reinsing), ytre anlegg samt innsamling av slam frå private avløpsanlegg. Største postane er utgifter til løn, kjemikaliar, straum, innsamling og behandling av slam og driftsovervaking. Grunna fleire større investeringar innafor området ser ein at avgiftene aukar i perioden.

Ansvar 552 – Renovasjon

Budsjettet omfattar utgifter til innsamling og behandling av avfall, dette blir ivareteke av Renovest IKS. Posten er sjølvfinansierende.

Ansvar 560 – Utleigebustadar


Største utgiftspostane er leige av bustadhus (til vidare utleige) og kommunale avgifter. Utleigesituasjonen har endra seg gjennom året 2020 og det har resultera i at kommunen har sagt opp dei fleste avtalar om framleige av private bustadhus. Det står att 5 kontraktar, der 4 er heimla i langtids kontraktar. Kommunen eig 15 hus med 24 bu-einingar (omsorgsbustadar kjem i tillegg, desse vert ført på PO 3). Det er budsjettert med ein "turnover" på kommunale bustader basera på ei 80 % utleigerate. Husleiga blir justert etter konsumprisvekst årleg i mars månad.

Sjølvkost

Frå 2020 til 2021 gir rådmannen sitt gebyrforslag ei samla gebyrauke på omlag 14,7 %. Den største årsaka til auka er at ein hentar inn alt framførbart underskot i 2021. Dette gir ein god gevinst på botnlinja. Framførbart underskot er inntekter som kommunen skulle ha henta inn gjennom gebyr, j.f sjølvkostprinsippet. Det er vanleg å fordele dette over 5 år, slik at gebyrauke ikkje blir for stort frå år til år, såkalla men grunna den økonomiske situasjonen og utfordringane med å få budsjett 2021 i hamn, er det rådmannen innstilling å hente inn dette i løpet av eit år. der slamtømming aukar mest med 47,3 %. Renovasjon reduserast mest med 2,3 %. I perioden 2019 til 2024 aukar samla gebyr med kr 3 869, frå kr 21 342 i 2019 til kr 25 211 i 2024. Dette svarar til ein gjennomsnittleg årlig gebyrauke på 2,8 %. Gebyreksempla for vatn og avløp er basert på eit årlig vassforbruk på 150 kubikkmeter. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Tabellen under syner endring i årsgebyr frå 2021 og utover i økonomiplanperioden, basert på driftsutgifter og framtidige investeringar innafor sjølvkostområdet.

Gebyrendring frå året før	2021	2022	2023	2024
Vatn	7,2 %	-2,6 %	-0,3 %	1,0 %
Avløp	17,8 %	-7,6 %	4,8 %	2,4 %
Renovasjon	-2,3 %	12,8 %	5,7 %	1,8 %
Slamtømming	47,3 %	-24,0 %	10,1 %	7,1 %
Feiing	22,7 %	-13,6 %	-0,2 %	2,3 %
Samla endring	14,7 %	-6,2 %	3,5 %	2,4 %



Årsgebyra er syna i vedlegg til gul bok saman med budsjettnotat utarbeida i samarbeid med Envidan momentum.

Seljord kommune

Rev. 10.12.2020



Vedlegg til Gul bok

**Oversyn over betalingssatsar
for kommunale tenester
2021**

Innhold

1	Felles forvaltning	4
2	Skule og oppvekst.....	4
2.1	Barnehage.....	4
2.2	Skulefritidsordning - SFO	5
2.3	Kulturskulen.....	5
3	Helse og omsorg	6
3.1	Maksimal eigenbetaling for heimehjelp/ praktisk bistand og opplæring i Seljord kommune:	6
3.2	Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald på Nestunet bukollektiv og dagsenter	6
3.3	Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald ved Steinmoen bu- og servicesenter	6
3.4	Betalingssatsar som eigenbetaling på Heddelitunet:	7
3.5	Betalingssatsar måltider ved Heddelitunet og aktivitetssenteret:	7
3.6	Betalingssatsar som eigenbetaling for tryggleiksalarmar:.....	7
3.7	Betalingssatsar som eigenbetaling ved transport utan løyveplikt:.....	7
3.8	Betalingssatsar for vask av private klede på vaskeri:	7
3.9	Betalingssatsar for mat til heimebuande:	7
3.10	Betalingssatsar for omsorgsbustader	8
4	Kultur og Næring	8
4.1	Konsesjons- og delingssaker	8
4.2	Viltfellingsgebyr pr. dyr	8
4.3	Leigeinntekter Symjehall:	8
5	Tekniske tenester – Egedomsavgifter.....	9
5.1	Gebyr for handsaming av saker etter plan og bygningslova.....	10
5.2	Gebyr etter eigarseksjonslova	12
5.2.1		12
5.2.2		12
5.3	Handsaming av private framlegg til reguleringsplan §12	12
5.3.1	Førehandsuttale	12
5.3.2	Planforslag	12
5.3.3	Planprogram og konsekvensutgreiing (§§ 4-1,4,2 og 12-9)	12

5.3.4	Søknad om planendring (§ 12-14)	13
5.4	GEBYRSATSAR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA.....	13
5.4.1	Oppretting av matrikkeleining.....	13
5.4.2	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....	14
5.4.3	Grensejustering	14
5.4.4	Arealoverføring.....	14
5.4.5	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.....	15
5.4.6	Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheitar	15
5.4.7	Privat grenseavtale	15
5.4.8	Urimelig gebyr	15
5.4.9	Betalingstidspunkt	15
5.4.10	Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken	15
5.4.11	Utsending av matrikkelbrev.....	15
5.4.12	Gebyr rekna ut etter medgått tid	16
5.4.13	Statlege gebyr og avgifter.....	16

1 Felles forvaltning

Avgift/ gebyr settast etter maksbeløp for ambulerande løyve som for tida er kr. 380 per løyve, jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk.

Gebyr/avgift		2021
Alkohol		
Løyvegebyr for salsløyve i gruppe 1	Jf. forskrift om omsetting av alkoholig drikk mv.	
Løyvegebyr for skjenkelyve	Jf. forskrift om omsetting av alkoholig drikk mv.	
Løyvegebyr for ambulerende skjenkeløyve	Jf. forskrift om omsetting av alkoholig drikk mv.	

2 Skule og oppvekst

2.1 Barnehage

Barnehagesatsane er regulert etter forskrift om foreldrebetaling i barnehagar, "FOR 2005-12-16 nr 1478: Forskrift om foreldrebetaling i barnehager".

Regjeringa foreslår ein opptrapping av makspris for barnehage i 2020:

- Frå 1. januar 2020 er maksprisen på ein barnehageplass 3.135 kroner per måned.

Moderasjonsordning: Foreldrebetaling for ein barnehageplass skal maksimalt utgjere 6 % av familien sin samla person- og kapitalinntekt. Dette blir rekna ut individuelt. Frå 1.1.2020: Inntektsgrense kr 574.759,-. (er i dag kr 557.333).

- Ordninga med gratis kjernetid på 20 timar/veka i barnehage gjeld for 2-, 3-,4- og 5-åringar. Ordninga gjeld viss familiens samla inntekt er under 548.500 kroner frå 1.8.19. Frå 1.8.2020 er inntektsgrensa endra til kr 556.100.

Inntektsreduksjon og gratis kjernetid må ein søkje om kvart år. Søknadsfristen er 1.august eller i samband med ny søknad.

Foreldrebetaling per måned for dei med inntekt over 574.759 kroner frå 1.1.2021:

Inntekt	5 dagar	3 dagar
Inntekt over kr 574.759,-	3 135 kr	1 900 kr
30% søskenmoderasjon	2 195 kr	1 330 kr
50% søskenmoderasjon	1 570 kr	950 kr
Kost	380 kr	225 kr

Søskenmoderasjon:

30 % søskenmoderasjon for søsken nr. 1

50 % søskenmoderasjon for søsken nr 2 og fleire.

Det er ikkje moderasjon på kost.

Timesatsen for kjøp av ekstra timar er kr. 60,- per time og kr. 30,- per dag for kost.

Vi har redusert kostprisen til berre å gjelde drikke så lenge vi har koronarestriksjonar (60,-, 48,- , 35,-)

2.2 Skulefritidsordning - SFO

Foreldrebetaling frå og med 1.1.2021:

Seljord og Flatdal SFO:				
Dekning	Pris	30%	50%	kost
Full plass, 5 morgon og ettermiddag	2 835	1 985	1 420	150
Morgon 5 dagar	1 010	705	505	0
Ettermiddag 5 dagar	2 205	1 545	1 105	150
3 morgon/ettermiddag	1 700	1 190	850	90
Ettermiddag 3 dagar	1 325	930	665	90
Morgon 3 dagar	1 010	705	505	0

- 30 % søskenmoderasjon for søsken nr 1, 50 % søskenmoderasjon for søsken nr 2 og fleire.
- Kost er rekna ut frå kr 30,- pr. dag pr. månad. Kostprisen er redusert til kr 30,-/60,- for drikke så lenge vi ikkje serverer mat i SFO (koronarestriksjonar).
- Rein morgonplass betalar ikkje for mat.
- Kjøp av ekstra timar: 60,- per time + kr 30,- per dag for kost.
- Kjøp av ekstradagar i feriar når skulen er stengt: kr 250,- per dag.
- Det er søskenmoderasjon på kjøpetimar og dagar.
- **Frå og med skuleåret 2020/2021 innførte regjeringa to ordningar for redusert betaling for SFO-plass:**
- Ei inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for hushaldningar med elevar på 1. og 2. trinn. Har familien samla inntekt lågare enn kr 519 750 basert på makspris for SFO-plass i Seljord, har ein rett på redusert betaling etter søknad.
- Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. til 7. trinn.

Nytt i statsbudsjettet for 2021:

I statsbudsjettet for 2021 føreslår regjeringa å løyve 25 millionar kroner for å utvide den eksisterande nasjonale ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling til å også gjelde 3.-4. trinn frå hausten 2021. Utvidinga bidreg til at låginntektsfamiliar kan nytte ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling på alle trinn i SFO.

2.3 Kulturskulen

Satsar gjeldande frå 1.1.2021:

Tilbod	Varigheit	Kostnad
Individuell opplæring	Skuleåret	Kr 3 485,-
Gruppe tilbod	Skuleåret	Kr 1 945,-
Gruppetilbod for vaksne (4 på gruppa)	Per år (37 veker)	Kr 6 300,- (Sjølvkost)

Søskenmoderasjon: 50%

Moderasjon for å bruke fleire tilbod: 50%

Moderasjon for utvida time (dobbelttime): 50%

3 Helse og omsorg

Satsane for eigenbetaling for kommunale pleie –og omsorgstenester vert vurdert og justert årleg med verknad frå 1. januar. Tidspunktet for berekning av konsumprisen er 15. september året før.

3.1 Maksimal eigenbetaling for heimehjelp/ praktisk bistand og opplæring i Seljord kommune:

Inntekt	Kostnad
Inntekt mindre enn 2 G	kr 210 per måned (etter forskrift)
Inntekt frå og med 2 G til og med 2,5 G	kr 957 per måned
Inntekt frå og med 2,6 G til og med 3,5 G	kr 1.941 per måned
Inntekt over 3,5 G	kr 3.236 per måned

Det vert sett ei øvre grense for betalinga etter prinsippet om sjølvkost. Sjølvkost per 01.01.2021 er berekna til kr 312 per time.

Heimehjelp/praktisk bistand kjem i tillegg for bebuarar på bukollektivet og bu- og servicesenteret.

3.2 Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald på Nestunet bukollektiv og dagsenter

2021 er siste året med regulering av brukarbetaling etter plan frå 2018. I dei komande åra vil brukarbetaling bli regulert etter pris- og lønsauke. Satsane for 2021 er:

Brukarbetaling Nestunet	2021
Opphaldsbetaling	12.149 kr
Opphald dagsenter pr. dag (inkl. kost)	290 kr

Opphaldsbetalinga omfattar: husleige, alle måltida, klesvask, og eit aktivitetstilbod ved bukollektivet.

3.3 Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald ved Steinmoen bu- og servicesenter

2021 er siste året med regulering av brukarbetaling etter plan frå 2018. I dei komande åra vil brukarbetaling bli regulert etter pris- og lønsauke. Satsane for 2021 er:

Brukarbetaling Steinmoen	2021
Opphaldsbetaling	10.649 kr
Opphald dagsenter pr. dag (inkl. kost)	290 kr

Opphaldsbetalinga består av: husleige, alle måltida, klesvask og eit aktivitetstilbod ved servicesenteret.

3.4 Betalingssatsar som eigenbetaling på Heddelitunet:

Praktisk bistand og opplæring vert fakturert etter gjeldande satsar. Husleiga gjeld frå 1.1.2021, og vert justert årleg etter konsumprisindeks, praktisk bistand og opplæring vert justert etter gjeldande vedtak om brukarbetaling for tenesta.

Brukarbetaling ved Heddelitunet	2021
Husleige	6.615 kr

3.5 Betalingssatsar måltider ved Heddelitunet og aktivitetssenteret:

Eigenbetaling varierer noko og prisen er berekna ut frå tidlegare satsar. Eigenbetalinga dekker mat. Prisane gjeld frå 01.01.2021.

Eigenbetaling ved Aktivitetssenteret	2021
Middag	71 kr
Lunsj/brødmåltid	41 kr
Suppe/grøt	37 kr
Kake/bolle/frukt	10 kr

3.6 Betalingssatsar som eigenbetaling for tryggleiksalarmar:

Kommunen sin kostander til leverandør for responsenterteneste og leige av alarmer vert lagt til grunn for brukarbetalinga. Med ny avtale om leige av digitale tryggleiksalarmer og ny responsenterteneste vert prisen redusert med 158 kr i 2021.

Betalingssatsar tryggleiksalarmer	2021
Tryggleiksalarm digital	180 kr

3.7 Betalingssatsar som eigenbetaling ved transport utan løyveplikt:

Brukarbetaling etter staten sine satsar for km-godtgjering vert nytta ved sporadisk transport. Prisane gjeld frå 01.01.2021, og vert justert årleg etter konsumprisindeks.

Betalingssatsar – transport utan løyveplikt	2021
Eigenbetaling i samband med dagsturar	24 kr
Transport éin veg - dagsenter	10 kr

3.8 Betalingssatsar for vask av private klede på vaskeri:

Prisen gjeld frå 01.01.2021 og vert justert årleg etter lønsvekst.

	2021
Brukarbetaling for vask av tøy pr. kg	37 kr

3.9 Betalingssatsar for mat til heimebuande:

Brukarbetalinga vert justert årleg (normalt desember) i samsvar med prisendring jamfør avtale med Dyrskun AS. Ny brukarbetaling gjeld frå 01.01.2021.

Brukarbetaling for mat til heimebuande	2021
Middag m/dessert	137 kr
Middag u/dessert	124 kr

3.10 Betalingssatsar for omsorgsbustader

Fyljande satsar gjeld frå 01.01.2021 etter konsumprisindeks og interne justeringar jf. standard:

Omsorgsbustadar	2021
Gamle bustader Heddali øvre	4.262 kr
Renovera bustad Heddali øvre	5.413 kr
Nye bustader Heddali øvre	5.413 kr
Bustader Heddali nedre	4.971 kr
Omsorgsbustader Nesbukti	5.637 kr
Omsorgsbustader Kapteinsgata	6.234 kr

4 Kultur og Næring

4.1 Konsesjons- og delingssaker

Landbruksdepartementet har i desember 2011, fastsett forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker: § 1. Det skal betales gebyr for behandlingen av følgende saker:

a) Søknader om konsesjon (ervertstillatelse) etter lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved ervert av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3.

b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Gebyret kreves inn av kommunen i alle saker. Kommunen skal ikke betale gebyr til seg selv.

	2020	2021
